

Fråværet av prinsipielle og offensive argument for nynorsk er påfallande. Dei støvar ned på loftet.

Les Vebjørn Sture på kommentarplass s. 2

NR 4 • 2012 • ÅRGANG 11 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Diktarvegen på is

Selskapet Fjordvegen Diktarvegen er lagt på is på grunn av manglande finansiering.

s. 10

Få endringar

Den nye nynorsknorma gjev få språklege endringar for kommunetilsette.

s. 5

Færre deltek

Kva er grunnen til at stadig færre ser ut til å engasjere seg i folkerøystingar om målform?

s. 8 - 9

Ungdomsfattar



Foto: Magnar Riveland

Bøkene til Terje Torkildsen har gjeve han Uprisen to gonger. Mest av alt vil han gje ungdom leselyst

• Sjå s.12 - 13

Språkdebatt



Foto: Toynti Tobekk

Dersom ordførar Harald Stakkestad (H) får det som han vil, blir Tysvær kommune språknøytral.

• Sjå s.18



Foto: colourbox.dk

Leitar etter gode løysingar



Arbeidsinnvandrarar frå EU har ikkje krav på språkopplæring. LNK vil no kartlegge korleis medlemskommunane taklar den utfordringa. Ikkje minst blir ansvarsfordelinga ofte eit problem, meiner tidlegare ordførar i Time kommune, Arnfinn Vigrestad.

– Ingen kjenner og tek ansvar. Mest energi blir brukt på å skaffe seg den nødvendige arbeidskrafta, ikkje på å bruke ressursar på språkopplæring, seier han.

Side 8-9



I Skien bur du på Dag – då blir det i familien

Hotell
Dag Bondeheim

HOTELL OG TRADISJONSMAT MIDT I SKIEN SENTRUM
OVERNATTING • SELSKAP OG FEIRINGAR • MØTER
Prinsesseg 7 • 3724 Skien • tlf 35 52 00 30 • hotel@dagbondeheim.no

Kjem du frå ein LNK-kommune
er prisen kr 795 per natt
www.dagbondeheim.no



Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

LEIAR

Viktig språkopplæring

Arbeidsinnvandrere frå EU har ikkje krav på norskopplæring. Det vil LNK no gjere noko med. No etterlyser dei erfaringar frå kommunane kring korleis dei har løyst utfordringane. Innspela kan gje svar på korleis ein kan styrke denne opplæringa seinare.

Språk er viktig, ikkje minst i arbeidslivet. Avtalar skal inngåast, beskjedar skal gjevast, og mykje av arbeidskvardagen vår er avhengig av at me forstår kvarandre språkleg. Kommunikasjonen mellom arbeidskollegaer er også grunnlaget for integrering og sosialt liv.

Kva gjer ein då, når verken bedrifta eller kommunen du bur i, tek ansvar for at også denne gruppa får norskopplæring?

– Ingen kjenner og tek ansvar. Mest energi blir brukt på å skaffe seg den nødvendige arbeidskrafta, ikkje på å bruke ressursar på språkopplæring. Eg trur dessutan det heng saman med at mange definerer oppgåva som arbeidsgjeveren sitt ansvar, eit ansvar mange ikkje tek, seier tidlegare ordførar i Time kommune, Arnfinn Vigrestad til LNK-avisa.

Han har eit godt poeng i det. For mange bedrifter blir kampen om å få tak i den arbeidskrafta ein treng, viktigare enn språkopplæringa. Men det er ingen løyndom at det både ligg god bedriftsutvikling og økonomisk utvikling i god språkopplæring.

Betere kommunikasjon på arbeidsplassen gjer at jobben blir både sikrare og meir effektivt utført. Men då må nokon ta ansvar. Kanskje spørsmålet er; kva taper ein på å ikkje ha språkopplæring?

Eit marknadsføringsproblem



Vebjørn Sture
Leiar i Norsk Målungdom

KRONIKK

Er me i beit for gode argument for nynorsk? Eller er me berre redde for å bruka dei? Eitt er sikkert: Skal andre tru på nynorsken, må me tru på han sjølv. Der har me ein jobb å gjera.

Når var sist du hørde nokon argumentera for at det i seg sjølv er bra å velja nynorsk? Når var sist du hørde målfolk, kommunepolitikarar eller nynorskprisivinnarar leggja ut om nynorsken sitt egalitære fundament, folkelege forankring og demokratiske grunnhått?

Det skjer ikkje for ofte. I staden badar me i «personlege» argument, som i lengda kokar ned til at me som er så vrangt at me skriv nynorsk, aller nådigast bør få lov til å halda fram med det. At nynorsk er identiteten min, er språket mitt, er naturleg for meg. Spissformulert: Nynorsken har fyrst og fremst verdi som mitt personlege instrument.

Stundom fyller såvorne argument også nynorsken med ei sjølvstendig mening. Til dømes at nynorsken gjer «det norske språket» rikare – som om nynorsken var ei bonuspakke til bokmålet. Eller at nynorsk er så vanskeleg at me må jobba meir med språket, og dimed vert flinkare språkbrukarar. Parafasert: Nynorsk er fyrstevalet fordi det er tungvint. Skal tru kor mange fjortenåringar som lét seg sjarmere av slikt.

For å yta litt rettferd til dei som kjenner seg råka: Poenget er ikkje at personlege argument er feil eller dårlege. Nynorsk er språket vårt, og det har alle andre berre å finna seg i.

Problemet er at desse argumenta åleine ikkje gjer at nok. Dei held til forsvar mot kritikk og måltynning, men stoppar også der. Ingen held på nynorsken fordi eg reknar nynorsk som min språklege identitet. Ingen byter (tilbake) til nynorsk, så lenge argumentet er at nynorsk er mitt språk.

Og sidan eg fyrst skriv for LNK: Talet på nynorsk-kommunar går inga ljosare framtid i møte om ikkje nynorsken har fleire kvalitetar enn å vera naturleg. Språk er faktisk ikkje naturleg. Kva språk som ligg oss nærast, har med vane å gjera. For dei fleste dreier det seg om kva språk dei har vakse

opp med. Månefasar og tidevatn er naturleg, språket er det ikkje.

Fråværet av prinsipielle og offensive argument for nynorsk er påfallande. Dei støvar ned på loftet. Kva motiv kvar og ein av oss har for denne unnlatingssynda, skal eg vera varsam med å spekulera i, men på generelt grunnlag har eg ein teori – det dreier seg om språkleg husmannsånd.

Misforstå meg rett, eg trur så gjerne på alle som seier seg stolte over å skriva nynorsk. Mange har god sjølvkjensle som nynorskbrukarar. Men det verkar som om mange ikkje er så krye på vegner av sjølve nynorsken.

Dette kjem ikkje berre til uttrykk i «ikkje utrydd språket mitt»-argumenta. Det vert også tydeleg gjennom kva haldningar me har til vårt eige språk. Til dømes: Det som skil seg klart frå bokmål, er ikkje «moderne» eller «naturleg» nynorsk. Sjølv sagt skriv me ikkje byrskap, for det er jo lov å skriva stoltheit. Nynorsk er ikkje eit grautmål, må vita.

Premissen for slike haldningar er at bokmål er det nøytrale og normale. At så lenge me kan skriva verken på nynorsk, vil berre fanatikarar og gamalstavarar finna på å skriva korkje. Det som ikkje er kjent frå eit bokmålsperspektiv, er per definisjon fjøslatin, som sume yndar å kalla det.

Konsekvensen vert at me godtek føresetnaden om at nynorsk er avleggs. Eit døme på dette såg me i vinter, då VG laga to nynorskquizar. I staden for å fornærma intelligensen vår ved å spørja om heilt basale ord, valde VG – prisverdig nok – å gje lesarane noko å tyggja på. Men responsen? Politikarar,

Talet på nynorsk-kommunar går inga ljosare framtid i møte om ikkje nynorsken har fleire kvalitetar enn å vera naturleg.

leksikonredaktørar, NRK-journalistar og kultursentrumsdirektørar reiste felles bust og fordømde både VG og quizane så det gjalla. Tenkja seg til å spørja folk om dei veit kva «å ting» tyder!

Liknande bokmålsquizar har dukka opp jamt i årevis. Folk har brynt seg på riksmålskuriositetar som beskaftenhet, vederkvegelse og beveggrunn, utan at det har fått nokon til å slå på paukane. Bokmålsbrukarar har – medvite eller ei – ein grunnleggjande respekt for eige skriftspråk og eigen skrifttradisjon. Der har dei også noko å læra oss nynorskingar.

Wordfeud på nynorsk

Til hausten kjem Wordfeud på nynorsk. Ordførar i Eid kommune, Alfred Bjørlo, kjem til å bli ein ivrig brukar.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Det er fantastisk kjekt å høyre, seier ordføraren. Han og leiaren i Eid Målungdom sende i mars eit brev til LNK med oppmoding om at ein måtte arbeide for dette.

Dette er noko som verkeleg betyr noko for nynorsken. Ein kan lage mange planar, men dette er ein praktisk ting som gjer at barn og ungdom kan leike med ord på sitt eige språk. Det må jo også vere eit glimrande verktoy for alle dei lærarane som meiner det er vanskeleg å engasjere elevane i nynorsk, slår ordføraren fast.

TAR KRAVET PÅ ALVOR

Mange har engasjert seg i saka om få spelet omsett til nynorsk. Mellom anna vedtok kommunestyret i Luster denne uttalen om Wordfeud: «Kommunestyret meiner dette vil vera eit synleg, konkret og effektiv tiltak



NØGD: Ordførar i Eid kommune, Alfred Bjørlo, gler seg over at Wordfeud kjem på nynorsk. (Foto: Venstre)

for å gjera nynorsk til eit meir tilgjengeleg bruksspråk for ungdom over heile landet». Dette er jo kjempenyhende. Det er strålende. Det kjem seint, men godt, seier leiar i NMU, Vebjørn Sture til Framtida.no om at Wordfeud no kjem på nynorsk.

Både han og Bjørlo er glad for at utviklararar no tek nynorskkravet på alvor.

Me har fått mange spørsmål om Wordfeud på nynorsk. Me ser på dette akkurat no og håpar å få det klart i haust, seier mannen bak spelet, Håkon Bertheussen i Wordfeud, til Framtida.no.

IVRIG BRUKAR

Nøyaktig kva tid i haust spelet vil kome med nynorsk ordliste, er han usikker på. – Eg har registrert at det har vore mange som har etterlyst Wordfeud, og me har hatt det på lista vår over ting å gjere i lang tid, seier Håkon Bertheussen til Framtida.no. Wordfeud har no snart 18 millionar nedlastingar.

– Eg brukar Wordfeud sjølv og kjem til å bli ein ivrig brukar av den nynorske versjonen, slår Alfred Bjørlo fast.

Språkval 2013



(Foto: Scamptx/Statsministerens kontor)

Me utfordrar partileiarane på Stortinget på kva dei meiner blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet 2013. Først ute er Liv Signe Navarsete (Sp).

– Den nye læreplanen bør framleis ha eiga vurdering og eigen karakter i sidemål, og like kompetansemål i hovudmål og sidemål, slår Navarsete fast.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Korleis meiner du ein bør sikre nynorsk framover både som hovudmål og sidemål i skulen?

Vil halde på sidemålet

– Alle skal lære nynorsk og bokmål i skulen. Bokmålet er dominerande på mange felt i samfunnet, til dømes i media på nett og papir, og skulen er den aller viktigaste arenaen for å bli kjend med og lære nynorsk, seier Sp-leiaren som viser til språkmeldinga «Mål og mening» og språkopplæringsmeldinga «Språk bygger broer», begge frå 2008. – Her har regjeringa lagt opp ein brei politikk for styrking av nynorsken, der det må setjast inn særskilte tiltak for å unngå diskriminering. Språkpolitikken er eit nasjonalt kompromiss mellom by og land som får uttrykk gjennom dei to skriftmåla. Ein språkdelt skriftkultur kan berre overleve om fleirtalet er villig til å lære seg mindretalet sitt språk, og om mindretalet får ei opplæring som gjer utovarane trygge på språket sitt. Med aukande flytting er det stadig fleire som møter og brukar nynorsk.

– Kva trur du blir den viktigaste utfordringa for nynorsk-kommunane framover?

– Å oppretthalde ein småkommune-struktur som sikrar nynorsken, er ei viktig utfordring. Mange nynorsk-kommunar gjer svært godt språkarbeid og er i tillegg mellom dei innbyggjarane er mest nøgde med å bu i.

– Kva er di viktigaste språksak mot stortingsvalet 2013?

– I 2014 er det 200-årsjubileum for grunnlova og staten Noreg. Det er viktig for meg at Sp sitt framlegg om å få grunnlova offisielt på nynorsk, som nesten fekk full tilslutnad i Stortinget i vår, blir gjennomført. Det symboliserer tydeleg at jamstillinga skal gå vidare. Å gje dette eit vidare innhald ved å sikre større jamstilling og motverke diskriminering er mi viktigaste språksak.

– Korleis påverkar språksakene eit eventuelt regjeringsamarbeid etter valet?

– Det er tydeleg skilje mellom regjeringsalternativa i språkpolitikken. Både Høgre og FrP har på sine landsmøte gått langt i å vilje svekke sidemålsopplæringa og pliktene i mållova til vekting mellom nynorsk og bokmål. Sp vil halde fram arbeidet med å oppnå gode løysingar saman med regjeringspartnarane våre, slik stortingsmeldinga frå 2008 er eit godt døme på.

– Kva trur du blir den viktigaste saka for nynorsken dei neste åra?

– Om me framleis skal ha ein språkpolitikk med overordna mål og samstundes vidareføre og styrke jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, eller om språkpolitikken og ikkje berre språkvalet skal individualiserast og vere opp til den enkelte.

Prøv

DAG
OG
TID

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

DAG
OG
TID-lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



Utgevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaktør:
Judith Sørhus Litlehamar
judith@norsk-plan.no

Redaksjon:
Toyni Tobekk
Magnar Riveland

Faste spaltistar:
Jan Olov Fretland
Vidar Høviskeland
Terje Lyngstad

Korrekturlesar:
Dag Gjerde

Adresse til redaksjonen:

LNK-Avisa
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan as
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland

Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år
og kan lingast hja
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Neste utgjeving:
1. november

Annonseprisar:
1/1 side kr 20 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 11 400,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.

Annonsar blir å levera
som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no

SITATET:

– Målrørsla evnar sjeldan å tenkje politisk. Når nynorsken greier seg, er det ikkje alltid takka vere rørsla, men like gjerne på tvers.

Leiarartikkel i Bergens Tidende

Lost in translation

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

I 2003 laga Sofia Coppola den fantastiske filmen *Lost in translation*, med Scarlett Johansson og Bill Murray. Tittelen vart ikkje omsett til norsk – heldigvis.

Barnekanalen NRK Super er i ferd med å endra NRK sin språkpolitikk. Statskanalen går no i bresjen for å dubba utanlandske fjernsynsprogram, også klassiske nordiske familierierar som *Vi på Saltkråkan* og *Barna i Bakkebygrenda*. Kanskje me berre er nostalgiske, men for oss kan det høyrast ut som Astrid Lindgren har tapt mykje på omlegginga. Viktigare er det kanskje at norske born på denne måten vert svakare språkbrukarar. Det er påvist at nordmenn skjønner svenskar og danskar mykje betre enn dei skjønner oss – truleg av di me er vande med å høyra ulike dialektar –, og heilt fram til no: andre nordiske språk, rundt oss i kvardagen.

I norske etermedia har det heldigvis vore lite dubbing. Men dei som har sett på spansk eller italiensk fjernsyn, veit at korkje Scarlett Johansson eller Bill Murray kjem styrkte ut som skodespelarar i latinske versjonar. Ein ting er at mykje av det særmerkte med ein film forsvinn når han vert dubba – kvaliteten vert rett og slett dårlegare. Men like viktig er det at me tek frå borna våre høve til å høyra andre språk og til å utvikla språkkjenslene sine.

Språkforskar Øystein Vangsnes seier det slik til Bergens Tidende: «De fleste språkforskere er enige i at jo mer variert språkstimulering du får, desto mer styrker du ditt eget språk (...) Vi har ingen tradisjon for å dubbe i Norge. I land som har det, som i Spania og Italia,

ser vi også at de er mindre flinke enn oss til å snakke engelsk, for eksempel. Når du kun blir presentert for språket i ein kunstig skolesituasjon, mister du andre og viktige anledninger til å lære det.» Det er freistande å ta opp ein diskusjon om sidemålsproblematikk her, men me lar den ballen liggja i dag ...

Intervjuet med Vangsnes stod på trykk i BT den 20. august i år. I same utgåva går språkprofessor Sylfest Lomheim sterk ut mot delar av oljeindustrien som ikkje klarar å rekruttera mange nok norske ingeniørar og difor ønsker å ha engelsk som arbeidsspråk i Nordsjøen:

– Dei som vil erstatte norsk med engelsk som arbeidsspråk i Noreg, har ikkje peiling på kva dei snakkar om. Dei undervurderer kva dette dreier seg om. Det å kunne eit språk er ikkje det same som å kunne bestille øl, eller småprate i kantina, seier Lomheim, som meiner bruk av engelsk i staden for norsk aukar faren for ulukker på sokkelen.

Det er påvist at nordmenn skjønner svenskar og danskar mykje betre enn dei skjønner oss – truleg av di me er vande med å høyra ulike dialektar –, og heilt fram til no: andre nordiske språk, rundt oss i kvardagen.

På norske sjukeheimar og på andre kommunale arbeidsplassar arbeider det i dag svært mange utlendingar. Innvandrarar som kjem hit frå land utanfor EU, har rett på eit minimum av språkopplæring. Arbeidsinnvandrarar frå EU, både svenskar og andre, har ikkje rett til betalt språkopplæring, men vert tilsette likevel. Det er ikkje berre på sokkelen det kan skje ulukke.

Desse to debattane er viktige kvar for seg, men dei heng også saman. Dei som ikkje ser samanhengen kan kjøpa filmen *Lost in translation* og sjå han med spansk lydspor ...

Lillesett inn i LNK-styret

Ordførar i Gol kommune, Hallvor Lillesett (V) er vald inn som ny varamedlem i LNK. Han erstattar Olaug Grønseth Granli, som nyleg gjekk bort.

Utsett språksak

Saka om meir nynorsk i trusopplæringa skulle etter planen bli drøfta på Kyrkerådet sitt møte i juni, men no er saka utsett til september av praktiske årsaker.

Noregs Mållag vedtok på landsmøtet i 2010 ei fråsegn om å krevje meir nynorsk i trusopplæringa.

Ei aksjonsgruppe som kallar seg Språkleg rettferd i trusopplæringa har arbeidd med dette. Blant anna overleverte dei fråsegna og underskriftene frå dei omlag 100 sokneråda som har slutta seg til oppropet, til direktør i Kyrkerådet, Jens-Petter Johnsen.

Kildahl seier opp

Olav H. Hauge-senteret treng ny dagleg leiar etter at Kjersti Kildahl har valt å seie opp stillinga si i prøvetida. Ho tok til 1. juni, og i samråd med direktør Ottar Grepstad fungerer ho som leiar fram til 7. september, heiter det i ei pressemelding.

– Prøvetida er der for at ein skal prøve ut. Med si robuste røysle vil Kildahl hatt mykje å gje i denne stillinga, men no må vi berre godta denne avgjerda, seier Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum.

Etter planen opnar Olav H. Hauge-senteret eit komplett publikumstilbod i mai 2014. I avgrensa format har senteret vore ope sidan sommaren 2011. Til Ulvik Poesifest presenterer Olav H. Hauge-senteret ei ny, lita utstilling.

– På denne måten gir vi noko attende til publikum alt før senteret er blitt det som det skal vere, seier Grepstad.

Få språkendringar i kommunane

For den erfarne nynorsk-skriventen rundt i kommunane er det lite å endre på etter at den nye nynorsknorma vart innført, seier førsteamanuensis Jan Olav Fretland.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



VIKTIG: Jan Olav Fretland meiner normendringa er viktig. (Foto: Astrid Eidhammer Hjeltneland)

Fretland skriv no saman med Aud Søyland lærebok for lærarar om den nye nynorsken.

Han minner om at normendringane først og fremst får konsekvensar for dei som skriv former i den eine eller andre ytterkanten av norma. *Soli og husi* og *fær og jentone* blir borte, i den andre enden forsvinn til dømes *kjøre* og *drømme* og *bare* og *nye*.

Men dette er ikkje former som er utbreidde i kommunespråket rundt om,

vanskelege punkt er det i praksis valfridom. Det gjeld til dømes i val mellom *y* og *ø*, slik som til dømes *fyrst/først*, *tyrst/tørst*, *syster/søster* og i valet mellom former med eller utan *j*, som til dømes *bølg(j)e*, *tenk(j)e*, *sette/setje*, *trykk(j)e*. Du kan valfritt bøya mest alle hankjønnsord med *-arl-ane* og hokjønnsord med *-erl-ene*, til dømes *gjestar*, *medlemmar*, *gangar* og *myrer* og *elver*.

Fretland minner elles om eit par små endringar som kan vere til hjelp: Det er slutt på *-stelling-endinga*. No heiter det berre jamstilling og førestilling, slik folk flest seier.

– Sameleis kan du no skipe til *Noregsmeisterskapet* og skriva om *forfattarskapet*, der før alt måtte ende på *-en*. Og du kan skriva at *Møtet vart leia av*, ikkje *berre leidd av*, slik det var før, fortel han.

Men samla sett er det ein god del endringar som det kan vere viktige å ha oversikt over. Særleg den som skal lesa andre sitt stoff eller vere rådgjevar, treng oppdatering.

VIKTIG ENDRING

Likevel meiner Fretland at normendringa er viktig.

– Norma er vorten enklare å bruke for den usikre brukaren, og på eit par

For dårleg statistikk

Utdanningsportalen VIGO kan ikkje brukast som statistikk over kva målform elevane har, slik denne portalen no er utforma.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Det må me gjere noko med, seier statssekretær i Kunnskapsdepartementet, Elisabet Dahle.

Noregs Mållag ber no Kristin Halvorsen rydda opp i registreringa av nynorskelevar. Dei vidaregåande skulane brukar programmet VIGO når elevane skal søkje om skuleplass. Her blir dei spurde om dei ynskjer bokmål eller nynorsk. Dersom dei ikkje svarer på det spørsmålet, blir dei automatisk registrerte som bokmåselevar. Det er fylkeskommunane sjølve som eig og driv nettportalen VIGO. No har Kunnskapsdepartementet bedt Utdanningsdirektoratet vurdere kva data som ein må kunne hente ut frå programmet for at nasjonale styresmakter skal kunne følgje utviklinga av elevane sine val av hovudmål.

Me er også bedde om å vurdere om det må gjerast endringar i VIGO-portalen, slik at ein lett kan sjå val av hovudmål når elevane søker til vidaregåande skule, seier kommunikasjonsrådgjevar i Utdanningsdirektoratet, Hans Vold

Husum. Han viser til at direktoratet skal avgjere saka i løpet av hausten.

UHELDIG

Problema med VIGO er bakgrunnen for at Hordaland fylkeskommune til dømes har registrert 10 % nynorskelevar i Stord kommune, medan Stord vidaregåande skule melder at 90 % av avgangselevane har nynorsk som hovudmål.

– Dette er uheldig og nettopp eit døme på at denne registreringa ikkje kan nyttast som statistikk. Eg meiner det må vere i fylkeskommunane si interesse å få meir presis registrering av elevane sine ynske om målform. Me vil no be fylkesmennene via utdanningsdirektoratet om å ta saka vidare. Kanskje bør ein rett og slett ta dette spørsmålet ut av søknadsprosessen, seier Elisabet Dahle til Lnk.no.

KAN VELJE MÅLFORM

Ho viser til at ein har fleire statistikkar som derimot er truverdige. Mellom anna rapporterer grunnskulane inn kvar haust kor mange elevar som har nynorsk i 10. klasse, og kor mange som har bokmål. I tillegg finst det gode statistikkar for målform i avsluttande eksamen på vidaregåande.

– Elevane kan velje målform kva tid dei ynskjer, og eventuelt byte målform undervegs. Dette er ein rett alle elevar har, uavhenging av kva dei har kryssa av for tidlegare, slår Dahle fast.

Ho kan ikkje seie noko om kor lang tid det vil ta før registreringsprogrammet eventuelt blir endra.

Forlenger samarbeidet



SAMARBEID: Vidar Høviskeland, LNK, Ellen Bøbler og Roar Strand frå KLP om å forlengje samarbeidsavtalen (Foto: LNK)

LNK har inngått nye samarbeidsavtaler med KLP og Kommunalbanken.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– KLP ynskjer dialog med sine eigarar og kunder og får med denne avtalen ein ny arena for dialog. Me oppfattar LNK som ein god organisasjon som har tatt godt i mot oss og viser oss velvilje, seier Roar Strand i KLP, og legg vekt på at mange av medlemskommunane er kunder i KLP.

LNK fører også vidare samarbeidet med Kommunalbanken.

– Me ønskjer å halde på samarbeidet med LNK av di organisasjonen gjer ein god og viktig jobb, seier Tor Ole Steinsland, kommunikasjonsdirektør i Kommunalbanken til Lnk.no.

NY NYNORSKNORM

Du kan finne meir informasjon om den nye nynorsknorma på Sprakradet.no. Les også meir om På saklista-kurset på Lnk.no

OPPDATERER KURS

Fretland opplyser at det snart kjem ny versjon av Hellevik si ordliste, og at Sprakradet har god informasjon om endringane og den nye norma på Sprakradet.no. Høgskulen i Sogn og Fjordane har elles hatt eit eige kurs for nynorsk lærarane til LNK, slik at kommunar som no bestiller På saklista-kurset, får full oversikt over nynorsken etter 2012.

– Det kan kanskje vere ein ekstra grunn til å bestille kurset, slår Fretland fast.

– Gjennom dette samarbeidet treffer me og mange kommunar og fylkeskommunar som er med i LNK, og som er ei særskild viktig gruppe for oss.

– Kommunalbanken og LNK er samde om å føre vidare det samarbeidet som har vore sidan 2003. Ein ny avtale vart signert i august, og den er me særskild godt nøgde med, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

KLP var først ute med å teikne ein samarbeidsavtale med LNK, alt i 2001.

– Me har hatt eit nært og godt samarbeid i alle desse åra og er svært glade for at selskapet ønskjer å vere med vidare, seier Vidar Høviskeland.



Landssamslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:

Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit
Rune Øygard
Solfrid Borge
Gunnar Strøm

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Hallvor Lillesett
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

LNK
KORTET
2011-2013

Best Western
HOTELL HORDANEHEIMEN

Best Western
HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på Lnk.no
om tilboda kortet gir



UTFORDRINGAR: Arbeidsinnvandrere frå EU har ikkje krav på språkopplæring. Det gir mange utfordringar for kommunane. (Ill.foto: Judith Sørhus Littlehamar)

Etterlyser språkerfaringar

Arbeidsinnvandrere frå EU har ikkje krav på språkopplæring. LNK etterlyser no erfaringar frå medlemskommunane kring korleis dei har løyst den utfordringa.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Som ordfører i Time kommune har eg sett kor problematisk det kan vere for kommunane som har desse i arbeid. Ikkje minst gjeld dette innanfor omsorgssektoren, der ein ofte fekk tilbakemeldingar på at norskkunnskapen var mangelfull. Det slit på det kollegiale samholdet, men kan òg føre til store mistydingar, både i høve pårørande og dei som bur på institusjon, seier Arnfinn Vigrestad.

Styret i LNK har no engasjert Vigrestad og Jan Magne Dahle til å kartlegge korleis ein kan betre denne situasjonen. I samband med det vil dei gjerne høyre kva erfaringar andre kommunar har gjort seg, og om det finst nokre kreative løysingar der ute.

– Etter at me no forhåpentlegvis får inn mange gode innspel frå LNK-kommunane, vil me samle det materialet me har, og stake ut kursen vidare. Me har vore i kontakt med alle partia på Stortinget og fått verdifulle tilbakemeldingar frå sentrale politikarar om korleis dei ser på dette.

Me vil òg gjerne få med KS på laget, seier Vigrestad.

INGEN TAR ANSVAR


Han viser til at språktilbodet som arbeidsinnvandrane har, varierer frå kommune til kommune. Vigrestad trekkjer fram Stord, der dei har gode røysler med at vaksenopplæringa tek seg av denne oppgåva, i tillegg til at nokre private verksemdar gir språkopplæring til sine tilsette.

– *Kvifor er tilbodet så varierende?*

– Ingen kjenner og tar ansvar. Mest energi blir brukt på å skaffe seg den nødvendige arbeidskrafta, ikkje på å bruke ressursar på språkopplæring. Eg trur dessutan det heng saman med at mange definerer oppgåva som arbeidsgjevarer sitt ansvar, eit ansvar mange ikkje tek.

VIL LUKKAST BETRE

Arnfinn Vigrestad meiner ein i første omgang bør få fram at dette er ei reell



VIL HA SVAR: Tidlegare ordfører i Time kommune, Arnfinn Vigrestad, etterlyser no språkerfaringar hjå LNK-kommunane. (Foto: Time kommune)

utfordring, både i privat og ikkje minst i offentlig sektor.

– Så må styresmaktene seie noko om kven som skal ha ansvaret for språkopplæringa for denne gruppa. Til sist må det lagast undervisningsopplegg, gjerne nettbaserte, som kommunar, offentlege etatar og private verksemdar kan bruke.

Målet er at betre språkopplæring skal gjere både integreringa og arbeidssituasjonen enklare.

– Håpet er at arbeidsinnvandrane, som me vert endå meir avhengige av i åra som kjem, skal få ei grundig opplæring i norsk språk. Dette både for at dei lettare skal kjenne seg heime i samfunnet vårt, men ikkje minst for å kunne utføre ein betre jobb. Dersom dei blir betre i norsk, vil det gje dei ei større kjensle av å lukkast på arbeidsplassen. Me vil få meir tilfredse arbeidstakarar og ikkje minst eit tryggare arbeidsmiljø for både tilsette og dei som skal bruke tenestene.

startsida /
www.startsida.no

Klikk deg til meir nynorsk!
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjere for å få meir nynorsk på nett:
www.framtida.no/tags/framtida



DEI FØRSTE: Elevane ved Skåbu oppvekst vart dei første vinnarane av Språkerådet og Nysgjerriger sin språkpris. Språkdirektor Arnfinn Muruik Vonen reiste sjølv opp for å dele ut pris og gratulere dei unge vinnarane. (Foto: Språkerådet)

Vann pris for dialektforskning

1.–7. klasse ved Skåbu oppvekst undra seg over kvifor skåbudialekten har endra seg. Slik vart dei vinnarar av den første språkprisen til Nysgjerriger.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Det var fint å jobbe med prosjektet. Vi har ein spesiell dialekt, seier Emma, som no er blitt sjuandeklassing, om prosjektet ho har vore med og vunnit pris for. Ingrid i 5. klasse seier ho har lært seg nye ord som ho tidlegare ikkje ante kva var, som til dømes *skinnvengje* eller *å guste*. Som altså betyr flaggermus og å blåse, forklarar ho.

DEMOKRATISKE PROSESSAR

Det heile starta med at lærar Heidi Maurstad og fire elevar frå 1. til 4. klasse var på opplæring i Nysgjerrigermetoden. Nysgjerriger er eit praktisk tiltak starta av Noregs forskingsråd for elevar i grunnskulen, med føremål å gjere barna kjende med forskning. Etter å ha lært seg metoden for Nysgjerriger reiste lærar og elevar tilbake til skulen og lærte opp resten av elevane, slik at dei saman kunne jobbe ut eit prosjekt.

Det å kome opp med ein god idé å forske på er ein viktig prosess i Nysgjerriger, og den må ein bruke god tid på, fortel Maurstad til LNK-avisa.

– Elevane kom opp med mange forslag til ting å forske på. Mange kunne vi forkaste rett og slett fordi dei var enkle. Ein skal ikkje berre kunne lese seg til svaret i ei bok, forklarar ho. Etter kvart enda dei opp med to hypotesar: ein om dialekt og ein om folkeskikk. Etter ei avstemming vart dei samde om å jobbe vidare med spørsmålstillinga: *Kvifor har skåbudialekten endra seg slik?*

– Det var vel eigentleg ikkje ein hypotese, vi var jo rimeleg sikre på at dialekten har endra seg. Det høyrer vi. Det vi ville finne ut, var om det var hald i hypotesen, og kva det i så fall kan kome av.

NYE FAVORITTAR

Arbeidsmetoden i starten var ganske enkel: Elevane laga ei liste med 16 tilfeldig dialektord som dei tok med seg ut på bygda. Dei ville høyre om folk kjende til orda, om dei brukte dei, og så sjå om det var nokon skilnad på bruken hjå eldre og yngre. I ein

tettstad med om lag 600 innbyggjarar vart nesten heile bygda involvert i prosjektet.

– Dei såg veldig fort at den yngste aldersgruppa, frå om lag 30 år og nedover, ikkje bruker desse spesielle orda, seier Maurstad. Til dømes bruker ikkje unge folk ordet *kaku* for brødskeive, slik dei vaksnare gjer.

Kaku har elles blitt eit av dei nye favorittorda til Emma, medan Ingrid synest ordet *mehæinkje*, som betyr mygg, har vore eit artig ord å ta i bruk.

PÅVERKA UTANFRÅ

Dei unge dialektforskarane fann også ut at stor grad av innflytting og utstrekt bruk av medium som tv og Facebook har vore med på å påverke skåbudialekten. Til å finne ut av desse tinga har dei ikkje berre brukt spørjeundersøkinga, dei har òg rådført seg med ekspertar på lokal historie og språk.

Pensjonisttreffet i kommunen vart òg eit møtepunkt for ungane kor dei kunne hauste lærdom av dei som har levd ei stund lenger enn dei sjølve. – Det å involvere pensjonistgruppa var verkeleg veldig ålreit, og vi brukte dei både i sjølve prosjektet og etter at vi var ferdige, seier Maurstad.

KOM PÅ DET SJØLVE

Er det noko særskild ho som lærar ønskjer å ta med seg vidare etter arbeidet med dialektprosjektet, så er det dette å involvere dei eldre i bygda. Det å dra veksle på fleire når ein jobbar med eit prosjekt, viste seg å vere til svært god hjelp.

For ungane var det å jobbe med dialekten sin også noko nytt. Medan somme kanskje ikkje heilt såg poenget med det, var det andre som fekk seg ei aha-oppleving.

– Dialekten vår held på å bli borte fordi vi blir påverka av media og av andre folk. Derfor er det viktig at vi tar vare på dialekten vår, seier Emma. Læraren supplerer:

– Ungane oppdaga sjølve at det er viktig å ta vare på dialekten. Dei fann ut at dette handlar om oss, her vi bur, om identitet, og det utan at nokon hadde sett ord på det for dei.

Om det blir nokre fleire prosjekt i Nysgjerriger, eller om dei bruker dialektprosjektet til noko meir, veit dei ikkje enno. Lærar Heidi Maurstad ser ikkje bort frå det, men no i første rekke skal dei nytte at dei vann den første Nysgjerrigerprisen for språk, og så skal dei bruke prispengane på ein vel fortent skuletur til Hunderfossen.



Omar Dajani
Rådmann
Nord-Aurdal kommune

Foto: Kjell Andre Rottervold

PÅ KOMMUNEVIS

Tettstadutvikling - den eine, den andre eller både?

Fredsforskarer Johan Galtung har som ein av sine kjeppeshtar at me i vestleg tanke sett for lett tenker anten – eller. Han meiner me ville få mykje att for å ha med oss både – og og korkje – eller.

Med utgangspunkt i desse ordpara har eg hug til å fundere litt over korleis me forstår lokalsamfunnsutviklinga, slik ho er både i Nord-Aurdal og i mange andre norske kommunar.

Nord-Aurdal er ein kommune med nær 6500 innbyggjarar midt i Valdres. I kommunen ligg byen og regionsenteret Fagernes, som har 5-årsjubileum som by 8. september!

Administrasjonssenteret i kommunen var tidlegare tettstaden Leira, nokre få kilometer sør for Fagernes. Dette endra seg då rådhuset vart bygt på Fagernes i 1979. Med andre ord: Det er anten Fagernes eller Leira som må vera administrasjonssenteret i kommunen! Eller er det det?

I tida sidan administrasjonssenteret vart flytt, har både Fagernes og Leira vakse kraftig. Sett utanfrå står dei fram som eit samanhengande tettbyggt område med kvar sine kjernar. Ville tettstaden Leira, som oppstod ved Leiraelva, og tettstaden Fagernes, som oppstod på garden Nes, vore to tettstader om desse konseptta vart etablerte i dag?

Nei, seier næringslivskrefter på Leira. Dei meiner at Leira meir dekkjande kan nemnast som «Fagernes sør». Dette vekker ikkje like stor begeistring hjå alle i regionsenteret Fagernes. Både partar byggjer på at me anten taler om Fagernes eller Leira, anten Fagernes skal omfatte Leira eller ikkje.

Korleis kjem me ut om me tenker både – og og korkje – eller? Om ein blir med på tanken om at dette samanhengande tettbygde området bør ha eit namn; ville ein kome lenger med å forlate tanken om at dette anten må vera Fagernes, eller så er det ikkje ein samanhengande tettstad?

Kva med å tenkje at det samanhengande tettbygde området omfattar både det tradisjonelle Fagernes og det tradisjonelle Leira, men korkje er Fagernes eller Leira? Kva med Leiranes – byen som strekkjer seg frå elva Leira til garden Nes? Neppe realistisk i eit tradisjonsrikt og tradisjonsbunde distrikt i Noreg, men verdt tankeeksperimentet!

Namnet skjemma ingen, men namnet kan klargjera eller dekkje til når kommunen, fylkeskommunen, næringslivet og innbyggjarane skal forstå seg sjølv og kva som er ei rett utvikling for dei.

Til dømes er det kommunen sitt synspunkt at Fagernes og Leira bør sjåast under eitt i høve til tettstadutvikling og arealdisponering. Motsetnaden til dette er fylkeskommunen, som har sett grenser for utviklinga av detaljhandel på Leira av omsyn til utviklinga på Fagernes.

Eit anna høgaktuelt eksempel er Nord-Aurdal barneskule. Han opnar i desse dagar til erstatning for alle dei tidlegare kommunale skulane. Skulen ligg på Fagernes, der Fagernes skole tidlegare låg. Men kommunen har medvite bestemt at dette korkje er Fagernes, Leira eller Aurdal skole, det er Nord-Aurdal barneskule! Dette markerer at det er ein skule for heile kommunen, som erstattar både Fagernes skole og dei andre skulane i kommunen.

Både – og og korkje – eller møter anten – eller også i kommunal planlegging!

Folkerøystingar – til gode for nynorsken?

Når kommunane skal avgjera målform, skal dei ofte folkerøystingar. Men stadig færre ser ut til å engasjere seg i desse folkerøystingane.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR /
TOYNI TOBEKK
judith@norsk-plan.no / toyni@norsk-plan.no

Morten Sjøberg er statssekretær i Finansdepartementet, samfunnsøkonom og Sp-politikar. Han meiner det ikkje er enkelt å gje eit svar på kvifor valdeltakinga i folkerøystingane er så låg.

Det spørsmålet har mange svar. Eitt har å gjera med kven som har røysterett. I tidsromma 1971-1985 og 1999-2000 hadde berre foreldre røysterett i folkerøystingar om språk. Då var valdeltakinga monaleg høgare enn når alle vaksne i skulekrinsen eller kommunen kunne røysta. Dette verkar ved første augnekast rimeleg: Foreldre er venteleg relativt meir opptekne av opplæringsmålet til borna sine enn folk flest – i gjennomsnitt.

Tala fortel og at valdeltakinga er lågast i folkerøystingar som endar med klår siger til anten bokmål eller nynorsk, generelt sett. Motsett går høg valdeltaking hand i hand med hard og reell konkurranse mellom nynorsk og bokmål. Dette er i

samsvar med teorien om rasjonelle val – men samstundes oppsiktvekkjande å observera. Til sist er valdeltakinga gjerne lågare når folkerøystingar vert haldne på andre tidspunkt enn saman med ordinære lokalval, slår han fast.

Mellom 1970 og 2011 vart det halde 308 folkerøystingar om målform her i landet, og valdeltakinga på desse var gjennomsnittleg på 42,4 prosent, ifølgje ein oversikt frå SSB. Så langt i år er det halde tre slike folkerøystingar, og på desse møtte høvesvis 10,1, 5,9 og 8,1 prosent av dei som kunne stemme opp og faktisk gjorde det. Statistikken viser at valdeltakinga i folkerøystingar er størst når det gjeld alkohol og territoriale spørsmål, målform ligg midt på treet, medan miljø og krins/identitet engasjerer minst.

På 70-talet var det om lag 115 folkerøystingar om målform i Noreg, og valdeltakinga på desse låg på eit gjennomsnittleg 68,6 prosent. Talet på folkerøystingar om målform gjekk ned både på 80- og 90-talet, og det gjorde også valdeltakinga. Det første ti-året av dette årtuset var det 55 slike folkerøystingar, med ei valdeltaking på gjennomsnittleg 47,5. Hitill i dette årtiet er valdeltakinga på 38,4, og 2012 er då med og dreg dette talet kraftig ned. Sjølv sagt må ein ikkje sjå seg blind på desse prosenttala. Mange av krinsane med stor deltaking har svært få røysteføre. Då skulemålet skulle avgjerast ved Krokeide skole i Hordaland i 1983 gjekk alle 134



NYTTIG: Deltakinga i folkerøystinga om målform ser ut til å gå ned, likevel er dei viktige. (Illustrasjonsfoto: Colourbox.dk)

Kanskje ser vi konturane av eit fast nynorsk grunnfjell no; avgrensa til delar av Vestlandet. Men grunnfjell er ofte flytande over tid. Vi får sjå

Morten Sjøberg, statssekretær i Finansdepartementet, samfunnsøkonom og Sp-politikar. (Foto: Finansdepartementet)



røysteføre til urnene og la fram stemma si, og sikra ei valdeltaking på 100 prosent. Men også store krinsar har greidd å få opp engasjementet, som ved avstemminga ved Sauda-skulen Fløgstad sin krins i 1986, kor 81,6 prosent av dei 1781 som kunne stemma faktisk gjorde det. I Otta møtte berre 5,1 prosent av dei 3023 røysteføre opp og stemte i vinter. I utgreiinga til Sel kommune om resultatet frå Otta skole vart det nemnd at det kunne vere vanskeleg å leggja folkerøystinga til grunn når så få hadde stemt.

Sjøberg trur nok valdeltakinga over tid kanskje går ned fordi målsaka som sak engasjerer færre og mindre.

– Geografi spelar òg inn på det viset at, den relative, valdeltakinga i regelen er lågare di fleire som har røysterett. Tala fortel at store krinsar og mange røysteføre "gjev" lågare valdeltaking.

Minst 25 prosent av dei røysteføre og/eller kommunestyret sjølv kan utløysa folkerøysting om målform. I nær 100 prosent av tilfella er nynorsk opplæringsmål i utgangspunktet. Folkerøystingane handlar difor om ja eller nei til innføring av bokmål. Folkerøystingar er ikkje avgjerande, dei er

rådgjevande for kommunestyret. Men tar kommunestyra desse folkerøystingane om målform til følgje? I oversikten frå SSB viser tala at kommunestyra mellom 1970 og 2011 tok folket si røyst til følgje i heile 93,9 prosent av tilfella. SSB tar atterhald om at dette er tal for dei sakene kor alle resultatane er kjende. Ser ein nærare på sakene som har vore oppe dei siste fem åra, er bildet noko meir nyansert: Mellom 2008 og 2012 har det vore halde 19 folkerøystingar om skulemålform og 1 om administrasjonsspråk. Av desse 20 sakene vart det fatta 17 vedtak i tråd med resultatane av folkerøystingane. Tre gonger gjekk kommunestyra mot folkets røyst. Det skjedde i Amlie i 2010, då fleirtalet av folket stemde for å halde på nynorsk på Amlie skule og Dølemo oppvekstsenter. Seinare same år bestemte likevel Amlie kommunestyre at bokmål skulle vere hovudmål på desse skulane, med eit knipent fleirtal. Valdeltakinga den gongen var på om lag 47 prosent. Under skulemålavstemminga på Sola skule i år stemte 75,1 prosent for nynorsk, medan kommunestyret valde å innføre bokmål som hovudmål frå hausten av. Her var valdeltakinga på folkerøystinga 8,1 prosent.

– Korleis har røystingane forandra seg over tid?

– Reglane for folkerøystingane har endra seg: Etter 1985 er dei berre rådgjevande. Tidlegare kunne dei vera bindande dersom fleirtalet svara til minst 40 prosent av dei røysteføre. I tillegg kjem som sagt endringar i definisjonen av røysteføre. Fram til no har det vore flest folkerøystingar i område av landet der nynorsken berre var skulemål, men elles stod svakt som bruksmål i lokalsamfunnet elles. Eller i det nynorske, rurale omlandet til urbane sentra på Vestlandet, seier Sjøberg.

Han ser ikkje eit problem i at nokre kommunestyre vil å trosse resultatet av folkerøystinga, dersom rådet er uklårt eller fámælt.

– Nei. Folkerøystingane er rådgjevande, og dei munnar ut i ulike råd. Dersom valdeltakinga, både absolutt og relativt, er høg

og fleirtalet klårt, så vert rådet i regelen fylgt av kommunestyret. Dersom rådet er uklårt eller fámælt, aukar sannsynet for at politikarane vel å sjå vekk frå utfallet av folkerøystinga. Dette verkar både fornuftig og rasjonelt. Gode råd er ikkje utan vidare dyre, men dei bør vera klare.

Også Sjøberg trur folkerøystingane vil halde fram, ikkje minst sidan folkerøystingar om språk har vore ein del av det norske folkestyret sidan tidleg på 1890-talet.

– Omfanget er ikkje lett å spå om. Kanskje ser vi konturane av eit fast nynorsk grunnfjell no; avgrensa til delar av Vestlandet. Men grunnfjell er ofte flytande over tid. Vi får sjå.

Rådgjevar i Språkrådet, Daniel Ims, er også uroa for at utviklinga med lågare deltaking i folkerøystingane.

Det kan sjå ut som om at deltakinga i folkerøystingane stadig blir lågare, kanskje føler mange at det er ein utmattande kamp

Daniel Ims, rådgjevar i Språkrådet. (Foto: Språkrådet)



– Me er uroa for dei tendensane me ser, ikkje minst i randsonane til bokmålsområda. Det kan sjå ut som om at deltakinga i folkerøystingane stadig blir lågare, kanskje føler mange at det er ein utmattande kamp, mange plasser har dei også gjennomført røystingar før, seier Ims og meiner det er beklageleg at kommunane ofte ikkje tenkjer på at nynorsk i mange tilfelle er det tradisjonelle opplæringsmålet.

I Trøndelag ser me eit døme på at nynorsken tapte mange folkerøystingar, og litt etter litt forsvann den heilt.

Ims legg også vekt på at det er eit demokratisk problem i dei tilfella der kommunen trossar resultatet i folkerøystinga og går motsett veg, sjølv om den berre er rådgjevande.

Direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, snakkar om det Andreas Hompland kalla innflyttarplage.

– I mange situasjonar har bokmålsbrukande innflyttarar større problem enn nynorskbrukande innflyttarar med å godta språksituasjonen der dei kjem. Og ofte er det kvinner som engasjerer seg frå foreldresida, sjølv i 2012 kan ein sjå tendensar til det mønsteret, seier Grepstad og viser til at det også er ein trend med eit knapt fleirtal for å røysta vekk nynorsken, der det skjer. Det betyr at det ikkje alltid er lite engasjement som er grunnen til låge deltakartal i folkerøystingane, det kan likegodt vere eit demografisk spørsmål.

Grepstad drar dei historiske linjene og minnar om at folkerøystingar rundt målform vart innført som eit demokratisk grep alt i 1892, noko som var dristig i ei tid der verken Noregs Mållag eller Noregs Ungdomslag var etablerte.

Så kan ein sjølv sagt diskutera om folkerøystingar anno 2012 er trygt for

nynorsken. Det meiner eg bestemt at det er, det er ein måte å løyse ei kulturell konflikt på som er både ikkje-valdeleg og demokratisk. No er det ingen veg attende, slår Grepstad fast.

– Kva synest du om kommunar der ein trossar resultatet i folkerøystinga og går motsett veg?

– Så lenge det ikkje er formelle feil med folkerøystinga så trur eg at ein skal passa seg for det. Den politiske prisen kan bli for dyr å betale, det er jo heller ikkje eit problem me ser mange gonger.

Folkerøystingane så langt i år har ikkje gått nynorskens veg. I Nord-Aurdal og Otta vart det eit fleirtal for bokmål under folkerøystingane, medan i Sola stemde altså 3 av 4 for å halda på nynorsken. I alle tre kommunestyra enda det opp med eit fleirtal for bokmål. Ser ein på statistikken frå årtusenskiftet til no er trenden tydeleg: Dei fleste sakene har ført til at skular med nynorsk som hovudmål har gått over til å få bokmål som hovudmål. Dette gjeld også i saker der to eller fleire skular med ulikt hovudmål skulle bli til ein.

Berre to gonger i løpet av desse 15 åra har ein gått frå bokmål til nynorsk. I 2001 vart Sviland skule nynorsksskule att, etter å ha hatt bokmål som hovudmål i eitt år. I 2005 vart det eit lite fleirtal for bokmål ved ei folkerøysting i Flora, men dei folkevalde bestemte at Florø skule skulle vere ein nynorsksskule. Dette var altså ein av gongane dei folkevalde ikkje tok folkerøystinga til følgje.

Det er så langt varsla to folkerøystingar til i år, i Heidal og Sel krinsar i Sel kommune.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN
Sidan 1913

Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss



Diktarvegen slit med finansieringa

Selskapet Fjordvegen Diktarvegen er lagt på is på grunn av manglande finansiering. No snører også kommunaldepartementet pengesekken igjen.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Diktarvegprosjektet er lagt sovande enn så lenge, då det ikkje lukkast å finansiera prosjektet. Verken departement eller fylkeskommunane har løyvd midlar til prosjektet, trass i forskingsrapporten som viser at dette er eit godt prosjekt, seier Solfrid Borge som er styreleiar i selskapet Fjordvegen Diktarvegen.

Ho meiner organisasjonen har gjort eit tappert forsøk på å få realisert prosjektet, men utan å lukkast.

– Kanskje har me ikkje vore tydeleg nok i søknadane om midlar til prosjektet. – Eg trur dessutan at dei som har vore mottakar av søknadane, ikkje heilt ser for seg koplinga mellom vegmidlar og kultur-opplevingar, seier Borge.

SLUTT PÅ PENGANE

Statssekretær Anne Beathe Kristiansen Tvinnereim kan ikkje love meir midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet til prosjektet Diktarvegen.

I 2009 fekk prosjektet 700 000 kroner frå departementet, noko som førte til at prosjektet kunne starte opp.

– Diktarvegen søkte også i 2010 og 2011 om midlar, men nådde diverre ikkje opp. Dei er sjølv sagt hjarteleg velkomne til å søkje om bulystmidlar i 2013 også, men me kan ikkje love noko; potten med bulystmidlar er heller ikkje så stor, seier Tvinnereim.



SKUFFA: Fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Ingebjørg Erikstad, trur Diktarvegen hadde tent på sterkare lokal og regional forankring. (Foto: Bent Are Iversen)

Ho legg ikkje skjul på at departementet no ikkje har konkrete planar om å støtte Diktarvegen med meir midlar.

– Kva tenkjer du om at prosjektet no er lagt på is?

– Det er synd. Dei må prøve å få inn midlar frå andre finansieringskjelder, men det veit eg at dei har prøvd. Nokre resultat er oppnådd, og det er bra. Blant anna var det eit delmål at kommunane – slik eg forstår det – skulle jobbe meir med om-dømmebygging. Det har dei til dels klart, men så er det andre element dei ikkje har klart å få til, diverre.

TEK TENKJEPAUSE

Generalforsamlinga har no bestemt at selskapet vert lagt på is ei stund for ein tek endeleg avgjerd om selskapet sin eksistens. Samstundes vil IS Fjordvegen, som er eit reindyrka vegselskap, verte aktivisert på nytt.

– Me hadde stor tru på diktarvegprosjektet, der ein kunne kombinera opplevingar med vegen. Men slik gjekk det altså ikkje, så no får me ta ein tenkjepause, seier Solfrid Borge.

Styret i LNK eig prosjektet Diktarvegen og drøfta i sitt førre styremøte om det er grunnlag for vidare drift. Konklusjonen vart at LNK skal ta endeleg stilling til dette på sitt neste styremøte i september.

MEIR DIKTAR – MINDRE VEG

Dagleg leiar i Den norske bokbyen i Fjærland, Eivind Ødegård, hadde forventna at vegen skulle kunne gje ei oppleving til dei som er interesserte i litteratur.

– Slikt er sjeldan kost og går i alle fall godt saman med siktemålet for bokbyen, slår han fast. Og han er ikkje i tvil om kva som har vore bremsen i prosjektet; finansiering.

– Kva kunne vore gjort annleis undervegs?

– Eg kunne tenkt meg meir vekt på «diktar» og mindre på «veg», og med det siktemålet burde eigentleg vegstrekinga vore ein annan. Det er trass alt ganske langt frå dei ulike diktarheimstadene til den vegstrekinga som fekk namnet Diktarvegen. For meg såg dette mest ut som eit lett forkledd samferdsleprosjekt, utan nok vekt på opplevingane til dei som reiste langs vegen, meiner Ødegård, som legg til at organisasjonen også burde samarbeidd med andre partar enn Fjordvegen.

REGIONAL FORANKRING

Fylkesdirektør for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Ingebjørg Erikstad, forventna også at Diktarvegen skulle bli eit kulturprosjekt.

– Eg såg føre meg eit prosjekt som skulle lofte fram dei aktuelle forfattarane – enkeltvis og samla. Ny kunnskap om forfattarane, nye perspektiv på forfattarskapane og nye grep i formidlinga, seier ho. I staden er no prosjektet lagt på is.

LESELYST: Bokhylla på ferjekaien Ropeid er eit tiltak prosjektet Diktarvegen har gjennomført. Her kan du låne deg ei bok eller setje ei frå deg. (Foto: Norsk Plan)

PENGESTOPP: Statssekretær Anne Beathe Kristiansen Tvinnereim kan ikkje love meir midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet til prosjektet Diktarvegen. (Foto: Anne Lise Nordheim/Kommunal- og regionaldepartementet)



IMDI lyser ut nynorskjobb

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) vedgår at dei har for lite materiell på nynorsk. No lyser dei ut nynorskjobb.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er Ørsta opplæringscenter som har sett søkjelyset på det dei meiner er mangel på nynorsk materiell hjå IMDi.

– IMDi har mykje informasjonsmateriell som dei ynskjer skal kome nye innbyggjarar til gode; eigne og eksterne publikasjonar i tillegg til innhaldet på heimesidene. Samanlikna med bokmålskommunar vert me lite støtta. Spanande og relevante lenker og eigenprodusert informasjonsmateriell kan ikkje nyttast i undervisninga utan at det krev vesentleg innsats med omsetjing, skriv Erlend Walseth ved opplæringscenteret i eit brev til IMDi.

VEDGÅR LITE NYNORSK

IMDi vedgår at nynorsk materiell er ei utfordring, difor lyser dei no ut ein

rammeavtale for å få omsett materiell til nynorsk. Målet er å få avtalen på plass tidleg i haust.

– Me er medvitne om at me har for lite nynorsk både på nettsidene våre og i informasjonsarbeidet, seier kommunikasjonssjef Bjørg Karin Bjåland Buttedahl. Ho understrekar likevel at IMDi ikkje leverer undervisningsmateriell som er tenkt direkte til flyktningane, men derimot informasjonsmateriell retta mot kommunane.

– Undervisningsmateriellet er det VOX som har ansvaret for, ikkje IMDi, slår ho fast.

Kommunikasjonssjefen er likevel oppteken av at IMDi skal ha 25 prosent nynorsk, både i brev, på nettsidene og i resten av informasjonsarbeidet.

– Me håpar å få ein god leverandør no, som kan gi oss det me treng av nynorsk materiell. Det er mykje enklare når ein har tilsette som kan omsetje frå bokmål til nynorsk, men det har me ikkje no, seier Buttedahl.

NATURLEG SPRÅKOPPLÆRING

Walseth og Ørsta opplæringskontor meiner det er naturleg å nytte nynorsk i norskundervisninga for innvandrarak.

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.

Send Fagforbundet medlem til 1980

 FAGFORBUNDET



Meir enn ein språkorganisasjon

74 prosent av abonnentane til LNK-avisa som har svart på LNK si kartlegging, vil lese meir om distriktutvikling i avisa.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

LNK har nyleg gjennomført ei kartlegging blant lesarane av LNK-avisa og Lnk.no. Målet er å kartlegge kva lesarane veit om organisasjonen, og kva dei meiner redaksjonen bør arbeide med vidare. 293 personar har svart på kartlegginga, av desse er 201 abonnentar av LNK-avisa.

Heile 86 prosent svarer at dei les LNK-avisa ofte, medan 47 prosent svarer at dei les kvar utgåve av avisa. Fleirtalet av dei som har svart, er tilsette i det offentlege eller lokalpolitikarar og er i stor grad menn i alderen 50–59 år. Hordaland er det fylket der flest har svart.

Medan abonnentane av LNK-avisa meiner det i dag er passeleg stoffmengde av saker som til dømes kommunesamanslåing, språkpolitikk i skulen og nynorsk i offentlege selskap, så vil

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

LNK KORTET 2011-2013

Best Western **HORDAHEIMEN**

Bondevenner

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

74 prosent lese meir om distriktutvikling i avisa.

Kartlegginga viser vidare at lesarane av LNK-avisa og Lnk.no er samde i påstanden om at organisasjonen arbeider for å styrke nynorsken i det offentlege rommet, og at LNK kan vere ein rådgjevar og støttespelar for kommunen i språkspørsmål. Fleirtalet av dei som har svart, er likevel usikre på om det stemmer at LNK arbeider med andre saker enn språk.

– Eg er nøgd med oppslutnaden omkring kartlegginga, men merkar meg at mange trur at LNK framleis er ein rein språkorganisasjon. Det er me ikkje lenger. Det er viktig å få fram at LNK ikkje er nokon kamporganisasjon for språk, men ein interesseorganisasjon for medlemene våre – kommunar som har valt å bruke nynorsk, seier dagleg leiar Vidar Høviskeland.

– I 2001 vedtok landstinget at LNK skulle setja språk inn i ein større samanheng, at me skulle synleggjere samanhengane mellom språk, identitet, kultur og næringsutvikling. Dei svara me har fått inn i denne brukarkartlegginga, tyder på at me må bli enda meir tydelege på dette området.

205 har svart at dei fekk vite om LNK via kommunen sin, andre nemner Noregs Mållag, Dag og Tid, Facebook og tips frå venner og kjende.

Leselystmisjonæren

Terje Torkildsen skriv bøker for å spreie leselyst blant ungdom. Målgruppa hans har vore med og bestemt retninga på forteljningane. Dei har også gjeve han UPrisen to gonger.

MAGNAR RIVELAND BLADSTOVA@LNK.NO

Det er ungdomsskulelevar frå heile landet som kårar vinnarar av UPrisen, i regi av Foreningen !les og Litteraturfestivalen.

– Eg synest det er stas å få den prisen som vert delt ut av ungdomane sjølve. Dette er ungdomens populærpris. Eg skriv for ungdomane, ikkje for tantene. Det er sjeldan at til dømes Brageprisen nominerer dei same bøkene som UPrisen, seier Stavanger-forfattaren som i vår vart tildelt prisen for andre gong, for romanen *Dystopia III*. Han fekk også prisen for debutromanen Marki Marco i 2009.

Dystopia III er tredje bok i tetralogien om syttenåringar frå International School of Stavanger som er på studietur i London då byen blir ramma av den verste naturkatastrofen i manns minne. Den fjerde og siste boka i serien vert gjeven ut i desse dagar.

– Eg har fullført to verk for ungdom – ein roman og ein serie – og fått UPrisen for begge. Eg er godt nøgd med det. Det er denne prisen eg helst vil ha, slår prisvinnaren fast.

Terje Torkildsen skriv særleg for dei som ikkje er så glade i å lese.

– Skremmande mange går ut av ungdomsskulen utan å ha lese ein roman. Det gjeld særleg gutar. Eg har hatt eit mål om å skape leselyst hjå dei, fortel han.

Og Torkildsen gjekk ganske nye vegar for å forsikre seg om at han nådde dei han ville nå. Han involverte tre 10.-klassar på St. Svithun skole i Stavanger i arbeidet.

– Skulen gjorde dette som eit prosjekt. Eg skreiv og sende inn stadig nye kapittel til boka, elevane las det eg skreiv, og gav tilbakemeldingar – utan at dei visste kven avsendaren var. Det var ei språkleg aha-oppleving for meg.

– Så tilbakemeldingane førte til direkte endringar?

– Ja, særleg i språket. Forfattarar likar å bruke ord. Ungdomane vil ha handling og kjapp dialog. Eg måtte fjerne måleriske skildringar, indre monologar og historiske fakta og heller tenke actionfilm og humor. Boka vart skriven i ein veldig direkte stil. Dette er språk utan feitt, konstaterer norsklektor Torkildsen, som har halde fram med å bruke ungdomar som konsulentar når han skriv bøkene sine.

– Kva seier andre forfattarar om at du så openlyst gir folket det dei vil ha?

– Det bryt kanskje med det romantiske kunstnaridealet, der forfattarar skriv for skrivinga si skuld, men for meg er dette eit opplysningsprosjekt. Eg vil at så mange som mogeleg skal lese bøkene mine – og verte begeistra.

– Så du møter fleire anerkjennande nikke enn rynka nasar?

– Ja, og særleg blant andre nynorskforfattarar, meiner Torkildsen.

Det var ikkje sjølvstas at Terje Torkildsen, oppvaksen i byen og med bokmål som einaste hovudmålsalternativ på skulen, skulle bli nynorskforfattar. Ofte blir poesien i språket trekt fram som årsak når folk frå bokmålsland vel nynorsken. For standup-komikar Torkildsen var det humoren.

– Eg har drive med standup sidan tidleg på nittitalet, og har alltid skrive tekstane på dialekt. Ein periode skreiv eg tekstar til radioprogrammet «Hallo i uken». Eg fann ut at det var uråd å vera løyen på bokmål. Nynorsk er betre eigna når ein skal gjere tankar om til ord. Eg har også eit mål om å spreie betre haldningar til nynorsk, seier Torkildsen, som ikkje er åleine om å velje den målforma når det skal skrivast for ungdom.

– Det er kjekt å skrive på nynorsk for tida. Det vert gjeve ut mange gode, morosame bøker på nynorsk, og det skjer mykje spennande i Samlaget. Fire av seks vinnarar av UPrisen har til dømes vore bøker på nynorsk, illustrerer han.

– Har erfaringa som komikar vore nyttig når du er forfattar?

Eg hugsar frå mi eiga skuletid kor keisamt det ofte var når me skulle møte forfattarar eller andre kunstnarar. Det må gjerast skikkeleg.

– Ja, det er godt å vite litt om kva som slår an, men det er mykje vanskelegare å vere morosam på trykk enn i møte med publikum. Eg har særleg nytte av det når eg reiser rundt på turné og møter lesarane mine. Det finst forfattarar som skriv for ungdom, men som helst ikkje vil møte lesarane. Eg brukar desse møta aktivt og har nok presentert bøkene for 10 000 unge. Då kjem erfaringa som komikar verkeleg til nytte, slår han fast.

– UNESCO har funne ut at 30 prosent av all kulturformidling mot ungdom er feilslått. Eg hugsar frå mi eiga skuletid kor keisamt det ofte var når me skulle møte forfattarar eller andre kunstnarar. Det må gjerast skikkeleg, legg Torkildsen til.

Den Stavanger-baserte forfattaren er glad for at han ikkje flytta til Oslo då karrieren byrja å ta av. Han meiner det er lettare å få nye impulser om ein har base andre stader.

– Forfattarar har lett for å trekkje til Oslo. Det gjer at forfattarmiljøet blir ein klikk som held seg med sine. Miljøet er ikkje så stort, så laugstanken blir sterk, og nye impulser får vanskar med å finne vegen inn, seier Terje Torkildsen, som sjølv opp-

levde ein kulturell gullalder blant unge kunstnarar i Stavanger på nittitalet.

– Eg kom frå studentrevyar og byrja med standup. Me var fleire som dreiv med det. Det førte til etableringa av både Komiklubben og Humorfestivalen, fortel Torkildsen.

Men det var ikkje berre humoristane som blomstra i Stavanger i denne perioden. Kreativiteten og samarbeidet gjekk ofte på tvers av kulturuttrykka.

– Filmen *Mongoland* er eit godt døme på fruktene av samarbeidet mellom filmskaparar, musikarar, forfattarar, skodespelarar og andre kunstnarar, seier Torkildsen som ikkje ser like lyst på Stavanger si framtid som pulserande kulturby. Han er glad for at han alt er etablert med bustad i oljebyen. Han hadde sett mørkt på det om han skulle ha etablert seg i dag.

– Stavanger er i ferd med å prise seg ut for unge kunstnarar. Det er fem gonger dyrare å etablere seg her enn i ein by som Berlin. Kunstnarar er idiotar om dei vel Stavanger, meiner han.

Terje Torkildsen har skrive fem ungdomsbøker på fem år. Dei har alle vore ulike. Han likar å leike med sjangrar og er spent på korleis den siste boka vert motteken.

– *Marki Marco* er ein thriller. Dei fire bøkene i *Dystopia*-serien er ulike, sjølv om historia og stilen er gjenkjenneleg gjennom heile serien. Den første boka er ein fluktroman, den andre er ein sjølvbergingsroman med thrillerpreg og den tredje er ein krimroman. Den fjerde er ein litt tyngre filosofisk/politisk roman, men ikkje tyngre enn at dei som har lest dei tre første, også vil like den siste, trur Torkildsen.

– Det har vore kjekt å sjå at det er ganske jamt fordelt kva for ei bok lesarane likar best. Men uansett sjanger er det dei same universelle historiene som vert fortalde i romanar. Det er det også uavhengig av periodar, sjølv om dagens bøker er kjappare og meir språkleg korthogde. Det gjeld også for humorshow, tv-program og mange andre uttryksformer, seier han.

Etter fem ungdomsromanar har Terje Torkildsen byrja å tenkje i andre banar når han planlegg nye skriveprosjekt. Tankane har ikkje landa enno.

– Nett no kjenner eg meg ferdig med å skrive for ungdom. Eg jobbar med nokre humorprosjekt, og eg har også lyst til å skrive ein roman for vaksne ein gong. Det er ikkje heilt avgjort kva som blir neste store prosjekt, seier forfattaren som er midt i lanseringa av *Dystopia IV* – siste bok i serien med letteste bøker for ungdom som i utgangspunktet ikkje er så glade i å lese.

– Det er spennande. Eg har merka suget frå lesarane mine.

– Er du ein misjonær for leselysta?

– Ja, eg har ikkje noko imot den merkelappen.



(Foto: Magnar Riveland)

SJØLVMELDING

Namn: Terje Torkildsen

Alder: 41

Bur: Stavanger

Sivil status: Driv blondinefabrikk saman med kona Trude Hoel

Les: Alffor lite

Høyrrer på: Rakhmaninov og Tønnes

Førebilete: Jens Zetlitz og Per Inge Torkelsen

Kårar nynorskommune

Kommunal- og regionaldepartementet oppmodar no nynorskkommunar og nynorskfylke om å søkje om å få bli Årets nynorsk-kommune 2012.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Prisen skal stimulere til god nynorskbruk i kommunane, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Prisen Årets nynorskommune blir delt ut for fjerde gong i haust. Navarsete er oppteken av at det offentlege skal bruke nynorsk aktivt i tenestene sine.

GOD MÅLBRUK

– Nynorsk er ein viktig del av vår nasjonale kulturarv. Målforma har ein sentral plass i vår nasjonale litteratur. Nynorsk skapar identitet og nærleik. Ein nynorskommune profilerer kommunen sin godt på nynorsk, seier statsråden i ei pressemelding.

Prisen Årets nynorskommune vart innført i 2009. Prisen er på 100 000 kroner, og kommunane må sjølve søke om å få bli Årets nynorskommune. Kriteria er at kommunen er aktiv på eitt eller fleire av desse områda: aktiv bruk og synleggjering av nynorsk i kommunale planar, og aktiv bruk av nynorsk i omdøme- og informasjonsarbeid.



FJORÅRETS VINNAR: Fjell kommune vart kåra til Årets nynorskommune i 2011. Her tek ein stolt ordførar, Eli Årdal Berland, imot prisen av kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp). (Foto: Kommunal- og regionaldepartementet)

BREI INNSATS

Dette kan vere heimesider, skriftleg informasjonsmateriell til innbyggjarane, opplegg for generell marknadsføring av kommunen – til dømes gjennom kurs eller anna opplæring i nynorsk eller i

eigne retningslinjer for nynorskbruk i kommunen, god målbruk blant tilsette, marknadsføring av nynorsk i kulturarbeid og kulturarrangement, og tidleg nynorskinnsetning i barnehagar og barneskule.

Kriteria er utarbeidde av Kommunal- og regionaldepartementet saman med LNK. Søknadsfristen er 1. oktober 2012, og prisen blir delt ut i løpet av november. Tidlegare vinnarar er kommunane Fjell, Seljord og Stord.



Meir om grøn rente på
www.kommunalbanken.no

KBN Kommunalbanken
Norge

www.kommunalbanken.no

SITATET:

– Den vitale nynorske skriftkulturen lever i lærebøkene, men er nærmast usynleg på alle andre arenaer der 13 – 19-åringar møter språket.

Prosjektleiar i Målstreken Karen Marie Kvåle Garthus til Nynorsk Pressekontor

Bokhaust med mangfald

På haustlista til Samlaget er det ti debutantar i år, sju av dei skjønnlitterære.

JUDITH SØRBUS LITLÉHAMAR
judith@norsk-plan.no

Olaug Nilssen, Per Inge Torkelsen, Jan Roar Leikvoll, Rønnaug Kleiva, Ingelin Røssland, Kari Stai og Anne Viken er mellom namna på forlaget si haustliste.

Olaug Nilssen er i haust aktuell med ei bok om familie- og arbeidsliv, *Kjøkenbenkrealisme*. Per Inge Torkelsen vil i boka *Humor er ingen spøk* heller rose enn å refse. Jan Roar Leikvolls nye sterke og mørke roman *Bovara* vert lansert i desse dagar og har alt fått gode kritikkar. Rønnaug Kleiva står bak reiseromanen *Armenia, Albania, Argentina*, om ei vestleg kvinne som reiser aleine til feriestader og farlege utkantområde.

Ingelin Røssland har skrivne fleire populære ungdomsbøker og debuterer i haust med kjærleiksromanen *Kirsebærnsø*. Veterinar og samfunnsdebattant Anne Viken debuterer, som barnebokforfattar, med hesteboka *Elise og mysteriet med dei døde hestane*.

Vidare kjem Kari Stai med ein oppføljar til barnebokene om Jakob og Neikob, *Tjuven slår tilbake*.

– I 2012 er det verd å minne om at dette språklege mangfaldet og demokratiske utgangspunktet ikkje har kome av seg sjølv, og at det heller ikkje automatisk blir ein viktig del av den norske framtida. Det trengst forfattarar, det trengst lesarar, det trengst ein levande skriftkultur for at dette språklege mangfaldet skal bli meir enn tomme ord, seier forlagsjef Håkon Komannskog i ei pressemelding.



NY BOK: Olaug Nilssen er aktuell med boka *Kjøkenbenkrealisme*. (Foto: Samlaget)

Forlagsdirektør Edmund Austgard la i innleiinga si vekt på dei endringane forlaget skal gå gjennom dei kommande åra:

– Akkurat no er det altså ikkje e-boka og bok-appane som er økonomisk viktige for oss ved det digitale; det er effektiviseringa i arbeidsmåten. Men me vil gå frå forsvinnande små digitale inntekter i 2012 til betydelege inntekter i løpet av få år. Det er den realiteten vi no skal tilpasse oss gjennom nye, billigare og digitale arbeidsformer.

Vil ha lik rett for alle



(Illustrasjonsfoto: Judith Sørbus Littlehamar)

Elevar på private vidaregåande skular har ikkje lovfesta rett til nynorske læremiddel slik andre elevar har. – Det bør dei få med det aller første, krev Vebjørn Sture, leiar i Norsk Målungdom.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Alle skuleelevar i vidaregåande skule har rett til å få sine læremiddel til same tid og til same pris, uavhengig av kva målform dei nyttar. Den retten har dei hatt sidan lova vart innført på syttitalet. Men elevar i private vidaregåande skular har ikkje denne retten, og han gjeld heller ikkje for læremiddel i fag med årskull på mindre enn 300 elevar.

Norsk Målungdom vil no at denne retten skal utvidast til å gjelde alle.

– No er det endå eit årskull med nynorskelevar som får møte språkkuing i praksis. Nokre kjem til å byrje på privatskular, andre kjem til å byrje på små yrkesfag, og mange av desse kjem til å få læremiddel på feil mål. No må regelverket strammast opp og pengane kome på plass, slik at vi kan gjere dette til den aller siste hausten der nynorskelevar blir tvinga over til bokmål ved skulestart, forlanger leiar i Norsk Målungdom, Vebjørn Sture.

Han etterlyser logikken i at dei individuelle rettane til elevane berre gjeld når dei tek vanlege fag på offentlege skular. Sture peiker på at stoda for elevar flest, som i mange år opplevde å ikkje få nynorskbøker i tide til skulestart, har blitt betre. No meiner han det er på tide å gjere alle elevane like vilkår.

Best Western Hotell
BONDEHEIMEN
Sidan 1913

Rosenkrantz gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com
www.bondeheimen.no

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden

FrP-politikar vil ha meir nynorsk



FOR LÅG: Hanne Maren Blåfjell-dal (FrP) meiner nynorskprosenten i fylkeskommunen er for låg. (Foto: Bård Gudim/FrP Media)

Ho meiner nynorskprosenten i fylkeskommunen er for låg, og utfordra nyleg fylkesordføraren under fylkestingsmøtet på kva ein kunne gjere for å få meir nynorsk. – Det er uheldig med så lite nynorsk når fylket har om lag like mange nynorskkommunar som bokmålskommunar, og resten er nøytrale. At offentlege organ har ei offensiv haldning til nynorsk, er ekstremt viktig for at innbyggjarane skal ha dei rette haldningane. Og Oppland er eit fylke som slit med å få elevane til å halde på nynorsk, slår Blåfjell-dal fast.

I tillegg til å vere FrP-politikar er Hanne Maren Blåfjell-dal lærar ved Høyanger skule.

– Politikarane må ta ansvar for dette. Det er me som er arbeidsgjevar, og då må me presse på. Eg meiner ein bør setje krav til ein viss prosentdel nynorsk, og at ein kanskje køyrer kompetansehevingprogram

i nynorsk, som til dømes nynorskurs for tilsette.

– Min kommentar som fylkesordførar er at dette spørsmålet tar opp eit viktig tema. Vi i Oppland fylkeskommune kan vere meir medvitne om kva for språk vi nyttar i ulike samanhengar. Nynorsk må vere synleg på heimesidene til fylkeskommunen, og vi må i større grad legge fram dokument på nynorsk, seier fylkesordførar Gro Lundby (Ap). Ho legg til at fylkeskommunen dessutan må ta stilling til om dei skal praktisere norma om å svare på nynorske brev med nynorsk.

– Eg vil arbeide for at nynorsk blir ei språkform vi nyttar meir aktivt i Oppland fylkeskommune.

– Eg har til gode å få eit saksdokument på nynorsk frå fylkeskommunen, stort sett alt er på bokmål, seier fylkestingspolitikar

i Oppland, Hanne Maren Blåfjell-dal (FrP).

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kvinnedominererte litteraturdagar

Kvinnene dominerer programmet til Nynorske litteraturdagar i Aurland.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Programmet for Nynorske litteraturdagar 2012 er under utforming, men alleie no er fleire forfattarar klare.

Agnes Ravatn deltek på festivalen for første gong og har fått æra av å opne litteraturdagane på fredagen. I tillegg kjem blant andre Linda Eide, Olaug Nilssen og Brit Bildøen. Medan Nilssen deltek på litteraturdagane for første gong og med ei heilt ny bok, jubilerer Bildøen med 20 år som forfattar. På forfattarlista til festivalen står også barne- og ungdomsforfattar Lars Mæhle.

Litteraturdagane byr også på musikalske opplevingar. Opningskvelden vert det poesikonserert med skodespelaren Arnhild Litletø i hovudrolla. Ho har hatt fleire sentrale teaterroller, mellom anna på Den Nationale Scene i Bergen, Det Norske Teatret i Oslo og NRK. Konserten baserer seg på dikt av Jon Fosse og Olav H. Hauge. Eit anna musikalsk høgdepunkt vert konsert med Tønnes, eller Frank Tønnesen som visesongaren frå Sokndal heiter.



OPNAR: Agnes Ravatn opnar Nynorske litteraturdagar i Aurland (Foto: Paul Bernhard)

Vil ha nynorsk forum

Sogn og Fjordane fylkeskommune tek no initiativ til å etablere eit nynorsk forum.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Hovudoppgåva til forumet vert å følgje språkutviklinga i fylket og setje søkjelys på aktuelle språklege problemstillingar, skriv fylkeskommunen på nettsidene sine. Vedtaket om å opprette eit nynorsk forum vart gjort av fylkestinget 5. juni. Fylkestinget skal dessutan vere med i forumet og valde Jan Olav Fretland til å vere fylkeskommunen sin representant.

– Det er eit mål å forankre forumet breitt og på tvers av sektorar. Dette er viktig for å bygge eit slagkraftig organ som evnar å «ta pulsen». Aktuelle målgrupper er kommunesektoren, utdanningsinstitusjonar, næringslivet, arbeidstakarorganisasjonar og media, skriv fylkeskommunen.

Fylkestinget vedtok elles at fylkeskommunen skal vere med på å markere Språkåret 2013.

Sunnhordland
MEDIHUSET

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

EKSTRA!
PROFILERING
PÅ FRAMSIDA
sunnhordland.no

17.500*
unike brukarar
169.000*
sidevisingar

* I snitt pr. veke

sunnhordland.no

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på klp.no og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

KLP

for dagane som kjem

Harald Stakkestad (H) er ordfører i Tysvær kommune.



Kommunestyret har totalt 29 medlemmer: Høgre: 9, Ap: 7, FrP: 4, KrF: 4, Sp: 3, V: 2

Tysvær kommune er sentralt plassert på Haugalandet og grensar mot kommunane Haugesund, Karmøy, Bokn, Sveio og Vindafjord. Kommunesenteret Aksdal ligg 13 kilometer søraust for Haugesund. Aksdal er eit sentralt kommunikasjonsknutepunkt som bind E134 over Haukeli til Oslo saman med E39, kyststamvegen mellom Stavanger og Bergen.

Statoil på Kårstø er ei hjørne- steinsbedrift i kommunen, to større næringsparkar er også under utbygging: Haugaland næringspark og Aksdal næringspark.

Tysvær kommune fekk i 2009 ny grafisk profil, basert på slagordet: godt å leve, mykje å oppleve og kjekt å jobbe.

Folketalet i Tysvær var 1. april 2012 på 10 313 innbyggjarar, og kommunen har eit totalareal på 425,3 kvadratkilometer.



Illustrasjon: Gerbard Stoltz

Kan bli språkneøytral

Nynorsken har vore på vikande front i mange år i Tysvær kommune. No vurderer kommunen å bli språkneøytral.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er ikkje første gongen språket i nynorsk-kommunen Tysvær blir vurdert. I 2005 gjekk kommunestyret inn for at tilsette i kommunen skulle få velje mellom bokmål og nynorsk i den interne kommunikasjonen, medan språket i den utoverretta kommunikasjonen framleis skulle vere nynorsk. I 2007 meldte dessutan kommunen seg inn i LNK. No er likevel ordførar Harald Stakkestad (H) klar til å opne opp for at kommunen blir språkneøytral.

– Mange av dei som blir tilsette hjå oss, har problem med nynorsken og treng mykje hjelp for å skrive korrekt. Det er ikkje effektivt nok å ha det slik, seier ordføraren og viser til at kommunen må spare 10 millionar kroner i år og 13 millionar kroner neste år.

– Skal me klare det, må me ha ein så effektiv kommune som mogleg. Sjølv er eg bokmålsmann og meiner dei tilsette sjølve må få bestemme om dei ynskjer å skrive bokmål eller nynorsk. Det vil også gjere det lettare å få tak i dei rette personane.

Stakkestad viser til at mange av dei tilsette er glade for at spørsmålet om å bli

språkneøytral kjem opp. Likevel eksisterer det ein viss motstand.

– Den har ikkje vore så stor, men me har absolutt ihuga nynorskfolk, som meiner nynorsken er det beste språket for kommunen.

Likevel aukar talet på bokmålslevar i skulen. I dag er det tre skular med nynorsk i indre del av kommunen, medan resten er bokmål eller kombinert. I ytre delar bur om lag 60 prosent av innbyggjarane, og der er det berre bokmål. Formannskapet gjekk tidlegare i vår inn for å legge fram sak til formannskapet og kommunestyret om kommunen bør vere språkneøytral.

HESTEHANDEL

Sidan det ikkje er eit aktivt lokallag for mållaget i Tysvær, er det leiar i Karmsund Mållag, Steinar Aalvik, som uttaler seg om saka. Han er skuffa, men ikkje overraska over at ordføraren ynskjer å fatte eit målvedtak som er i tråd med hans private praksis, som Aalvik kallar det.

– Nynorsken i Tysvær har forvitra over tid, dette er berre eit steg vidare i den utviklinga som starta då kommunen opna for at dei tilsette kunne bruke bokmål internt, seier han.

Han legg vekt på at mållaget burde vore meir på banen, spesielt no til hausten, då den endelege avgjerda blir teken. Samstundes sender han stafettspinnen over til leiinga i LNK.

– Kanskje dei har gode idear til kva me kan gjere. Kommunen vart jo medlem

i LNK for å kome i møte dei som protesterte då ein opna opp for bokmål i administrasjonen. Det var ein slags hestehandel, slår Aalvik fast.

ROLEGARE DEBATT

Tysvær Bygdeblad har også dei siste åra hatt ein pågåande debatt, både om språket i avisa og om namnet burde moderniserast. – For nokre år sidan opna me opp for at frilansarar kunne bruke bokmål, rett og slett for å få tak i folk sidan me bur i eit grenseområde mellom bokmål og nynorsk, seier redaktør Alf-Einar Kvalavåg.

Likevel trur han språkdebatten i avisa har roa seg, og han trur ikkje dei vil opne opp for bokmål i den faste redaksjonen. – Hadde ikkje du ringt nå, så hadde me truleg ikkje kome på at dette var eit tema eingong. Den diskusjonen har roa seg veldig ned, slår redaktøren fast.

Verken han eller resten av avisredaksjonen har fått mange reaksjonar på at dei opna opp for å kjøpe inn bokmålsstekar. Rett nok var mållaget, både regionalt og nasjonalt, på banen ei lita stund, men det har også roa seg.

Dette er eit større problem for kommunen, der mange tilsette må ha folk til å hjelpe seg for å skrive korrekt nynorsk. Hjå oss er ikkje det noko problem. Og avisa har hatt ein relativt sterk vekst dei siste åra, noko som tyder på at verken namnet eller nynorsken har slått ut negativt, meiner han.



MÅ SPARE: Ordførar Harald Stakkestad (H) ser gjerne at kommunen blir språkneøytral. – Det blir meir effektivt, trur han. (Foto: Toyni Tobekk)

FULLT BATTERI: – No treng vi berre ein ladestans til før vi kjem heim til Bergen, seier turistane Marie Hagen og Ole Andreas Halse Næss, som har stoppa for å lade bil og stagge svolten på veg heim frå ferie. (Foto: Toyni Tobekk)

TAR TID: Å lade ein elbil er like enkelt som å fylle drivstoff på ein vanleg bil, det tar berre noko meir tid. (Foto: Toyni Tobekk)



Får lade gratis

No kan du lade elbilen i Tysvær. I vinter fekk kommunen eit eige hurtigladedepunkt, og her ladar du gratis i to år.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

To relativt ferske elbileigarar har sett bilen sin til lading i Aksdal i Tysvær denne augustdagen, og dei er svært nøgde med å få fylt opp bilen før dei tek til på heimturen

til Bergen. Det tek om lag ein halv time å lade batteriet heilt opp, og då kunne det teoretisk vore straum nok til heile vegen heim.

GRATIS FERJETUR

– Det heiter seg at bilen kan gå 180 kilometer etter full lading, men vi kjem nok til å stoppe på Stord og lade der også, seier Marie Hagen og Ole Andreas Halse Næss. På veg til Stord må dei nemleg gjennom ein stor undersjøisk tunell, og spesielt dryge bakkar kan tappe bilen for meir straum enn vanleg. Så det er best å bu seg litt ekstra, meiner dei.

Hagen og Halse Næss har berre eigd elbilen nokre veker, men er svært fornøgde med køyretøyet. Han er like komfortabel som ein vanleg bil, liknar på ein vanleg bil, men støyar ikkje. I tillegg køyrer du gratis på ferjene med han, og du slepp ein del avgifter som elles er knytte til ordinære bilar, argumenterer dei.

JAMLEGE LADEPUNKT

Men ein må planleggje litt når ein tek ut på tur med elbilar, og syte for at det er ladestasjonar med jamne mellomrom, for elbilen må ladast litt oftare enn dei fleste

treng fylle bensin og diesel. Det er kraftselskapet Haugaland Kraft som saman med Tysvær kommune har fått ladestasjonen på plass, og dette er det første hurtigladedepunktet for elbilar på Haugalandet. Denne ladestasjonen er ein del av eit prosjekt som Hordaland fylkeskommune har teke initiativ til for å få jamlege ladepunkt langs kyststamvegen E39 på Vestlandet frå Kristiansund i nord til Stavanger i sør. Hurtigladedepunktet opna i mai i år og er gratis dei to første åra.

Må bruke sparekniven

– Me må tenkje langsiktig, seier ordførar Harald Stakkestad om dei framtidige utfordringane i kommunen.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Tysvær kommune grensar mot kommunar som Haugesund, Karmøy og Vindafjord. Kommunen har dei siste åra opplevd ein auke i folketalet, som no er i overkant av 10 300 innbyggjarar, og vekst i næringslivet. Ordføraren trekkjer fram verksemdar som Statoil på Kårstø og to nye næringsparkar, Haugaland næringspark og Aksdal næringspark, som døme på hjørnesteinar.

– Me meiner sjølv at me er på hogget, og at me tenker langsiktig. Eit stort mål framover blir å få byggefelt i alle delar av kommunen, spesielt i den ytre delen av kommunen, den som ligg mot Haugesund.

Der forsvinn tomtene etter kvart som dei blir klare, seier ordføraren og nemner planane om eit bustadområde i ytre sone mot Karmøy og Haugesund på 1400 bustadar som døme.



NYTT AREAL: To store næringsparkar er under opparbeiding i Tysvær. (Foto: Toyni Tobekk)

BETRE KOMMUNIKASJONAR

Etter planen skal tunellprosjektet Rogfast vere klart til opning i 2022, og det kan bety mykje for å auke folketalet og rekruttere kompetanse til kommunale jobbar, meiner ordføraren. Rogfast vil bli den lengste undersjøiske vegtunellen i verda, i tillegg til å vere den djupaste. Meininga er at tunnelen skal gå frå Randaberg til Bokn kommune og vere omlag 25 kilometer lang. I tillegg skal det byggast ein arm på om lag 2 kilometer opp til Kvitvøy.

– Den første effekten av Rogfast ser me allereie no. Det er tydeleg at etterpursnaden etter tomter har gått opp, slår Stakkestad fast.

Også andre samferdsleprosjekt kan gi stor effekt.

– Når T-sambandet, som omfattar nye tunnelar til Karmøy/Haugesund, blir ferdig neste år, vil ein få nye moglegheiter i dei søre delane av kommunen. Saman med Rogfast, som kjem litt lenger fram i tid, vil det bety ein betre marknad både når det gjeld næring og bustad.

MÅ BRUKE SPAREKNIVEN

Tysvær kommune har store inntekter frå eigedomsskatt. Kårstø prosessersanlegg er ei hjørnesteinsbedrift i kommunen og viktig når det kjem til transport og Stakkestad fast.

behandling av gass og lettolje frå norsk kontinentalsokkel.

Den første gassen kom til anlegget i 1985. – Me har store inntekter der, ja. Fram til no har dei gått med til drifta, men no må me setje ein del av dei av til eit investeringsfond.

Økonomien er nemleg ikkje like god i kommunen som han har vore, og sparekniven er teken i bruk. Dette året må kommunen spare 10 millionar kroner, neste år blir det 13 millionar kroner som må vekke.

TAPER FOR PRIVAT NÆRINGSLEV

– Me har ei høg gjeld, som me merkar no, men eg meiner me framleis har god dekning både når det kjem til helsetilbod og skuletilbod.

Men sjølv sagt er det ei utfordring å få tak i kvalifisert kompetanse, som til dømes ingeniørar. Utfordringa er at det private næringslivet betalar så mykje betre, men dette slit jo alle kommunar med, seier ordføraren.

Han legg til at Tysvær tek del i eit større omdømmearbeid på Haugalandet. Kommunen fekk blant anna ein ny grafisk profil med utgangspunkt i desse verdiane: godt å leve, mykje å oppleve og kjekt å jobbe.

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startside.no

Her er stilt på ein eigen måte, og ein kan få tømt sinnet og sjela for det kvardagslege og gjere seg klar for nytt påfyll.

Si eiga verd

Når ein stig i land på den vesle øya Borgøy, kan ein kjenne korleis ein er ute av auge og ute av sinn for alt som skjer på fastlandet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Somme av gjestene våre blir litt stressa av at det ikkje er så god mobildekning her. Andre synest det er heilt nydeleg å sleppe å vere så tilgjengeleg. Og vi har jo nettilgang, forklarar dagleg leiar av Borgøy Fjord Konferanse, Aashild Hettervik.

Ho sit på ein benk på brygga, med ein kaffikopp og eit glas med markblomar framføre seg. Blikket hennar vaktar mildt over bukta, ut der kor sommargjestene kjem siglande for å handle. Ho er midt i høysesongen og kan ikkje berre sitje og slappe av og drikkje kaffi; ho må passe butikken også.

No er ikkje sommargjestene hennar dei som tenker mest på nettilgang og mobildekning. Sommargjestene på Borgøy har hytte på øya eller i nærleiken og treng god mat i magen og is og brus til ungene.

Det var desse behova Aashild og mannen Per Gunnar såg for seg å sette då dei starta serveringsstaden i sjøhuset på Borgøy for 17 år sidan. Sjøhuset høyrde til på heimegarden til Per Gunnar, og faren og bestefaren hans hadde i si tid vore aktive yrkesfiskarar. No hadde far til Per Gunnar lagt opp som fiskar og byrja med notbøting i staden. Han trengte det store sjøhuset som verkstad i vinterhalvåret, medan Aashild kunne bruke det til serveringsstad om sommaren. Ein god plan, tykte alle, og slik vart det. Sommargjestene kunne i tillegg til mat og drikkje også bestille små turar i lokalmiljøet, som mellom anna huser hustuftene på fødestaden til kunstnaren Lars Hertervig, og andre aktivitetar som fort kunne hamne i kategorien teambuilding.

MATTE VELJE

Med høysesong kvar si tid på året trudde Aashild og svigerfaren at det skulle gå greit å dele på lokalet. Men båtverkstedene gjorde det så godt at dei fekk behov for større olbogerom. Svigerfar såg seg til slutt nøydd til å leige lokale hjå naboen og flytte verkstaden dit. Aashild og Per Gunnar utvida frå å ha eit reint dagstilbod til å tilby kurs- og konferanseverksemd i huset i vasskanten. Borgøy Fjord Konferanse vart oppretta i 2006, med Aashild som dagleg leiar og Per Gunnar som styreleiar. Til då hadde Aashild kombinert jobben med serveringsstaden med jobb som mellom anna lokalavisredaktør, men no kravde verksemda ein person på jobb på heiltid.

– Eg måtte ta eit val, seier Aashild.
– Anten jobben i avisa eller dette.

SAMARBEIDER MED HYTTEFOLKET

Ho har ikkje angra på at det vart reiselivsbransjen som gjekk av med sigeren. For verksemda har vokse. Rimeleg kjapt melde behovet for meir overnattingsrom seg. Sjøhuset ligg kant i kant med vatnet på eine sida og berget på den andre, så her var det ikkje rom for utvidingar. Løysinga har blitt å bygge hytter som dei sel med ein avtale om å få bruke hyttene når dei treng det.

– Det betyr at vi leiger hyttene når vi treng rom til overnatting. Det har vi førstetterten til i åtte månader i året. Dei fire sommarmånadene bruker hytteeigarane hyttene sine som dei vil. Utanom sommarsesongen kan dei sjølvsgt ringe og høyre om hytta er ledig viss dei har lyst til å reise ut.

Ordringa har fungert godt for Borgøy Fjord Konferanse, og slik har dei no kapasitet til å ta i mot grupper på 25 til 30 personar. Og dersom gjestene kan dele rom, kan dei stille med 53 senger.

TRAVLE TIDER

No har dei godt belegg sesongen gjennom, og dei trekkjer til seg konferansegjester hovudsakleg frå Stavanger, Haugalandet,



VERTINNE: Aashild Hettervik tek seg av den daglege drifta på alle nivå; ho lagar mat, serverer, reier opp senger og marknadsfører selskapet. (Foto: Toyni Tobekk)



BYGDE PÅ: Sjøhuset (t.b.) vart påbygd då bestefar til Per Gunnar Hettervik gjekk frå småbåt til fiskeskøyte. No rommar buset tre busvære, kafé og kjøkken. (Foto: Toyni Tobekk)

Stord og Hardanger. Vertskapet er svært fornøgd med at mange bedrifter kjem tilbake fleire gonger, noko som er den beste reklamen dei kan få, meiner Aashild. Og det er ho ekstra glad for, for marknadsføring synest ho kan vere ei krevjande øving.

– Når vi har det travelt med servering og oppvaring, er det ikkje tid til å tenkje på slikt. Og når ein endeleg kjem litt nedpå etter ein travel periode, er det så mykje anna ein skulle ha ordna.

Men det må gjerast, og for konferansesenteret kjem det nok vel med at Per Gunnar har reiselivsutdanning og har jobba i bransjen i mange år. Han er ikkje tilsett i firmaet, men jobbar som uavhengig reiselivskonsulent og tek del i drifta som kokk og fjellguide når dei har konferansar.

– Det fungerer veldig greit slik, seier Aashild, som likevel må smile når vi spør om dei har hatt sommarferie i år. Slikt kan ein ikkje unne seg når ein driv ei slik sesongprega verksemd, må vite. Men

familien syter for å ta seg ein dugande haustferie, det er litt lettare å planleggje det. Og med store ungar, ei jente på 13 og tvillingar på 15, som kan ta seg til og frå fastlandet med båt på eiga hand, så er det kanskje ikkje så naudsynt å ha følge av mor og far heile sommaren lenger.

ALLE ER I SLEKT

Aashild, Per Gunnar, dei tre barna og svigerfar er seks av i alt tretten menneske som bur på Borgøy. Alle tretten på øya er i familie. Så smått med folk har det ikkje alltid vore her. Øya var ein gong eit blomstrandefunn med hovudsakleg småbruk, der kona hadde den daglege drifta medan mannen drog på sjøen for å fiske. Men fiskarane har blitt ein utdøyande rase også her, og mange har sett mon i å flytte inn til fastlandet, til fast arbeid og fast grunn under føtene. For det er ikkje til å kome forbi at det ikkje alltid er like praktisk å bu

og drive på ei øy når vintermørkret sig inn over landet og skyssbåten sluttar å gå klokka 16. Det er ikkje rom for mange spontane innfall då, sjølv om alle som bur på øya, sjølvsgt kan gå med eigen båt.

Om Borgøy er ein plass å bli verande på i framtida, verken kan eller vil Aashild svare på, i alle fall ikkje på vegner av barna. Dei synest ikkje alltid det er like stas å bu så avsides, seier ho. Men med kjapp og grei tilgang til Facebook er det ikkje så vanskeleg å halde det sosiale livet gåande, heller. Og øya har kvalitetar ein ikkje finn like enkelt andre stader.

Det er nok det som gjer dei og tilbodet deira så spesielt, meiner Aashild. Her er stilt på ein eigen måte, og ein kan få tømt sinnet og sjela for det kvardagslege og gjere seg klar for nytt påfyll.

– Det er som kundane våre ofte seier: Det er som å kome til ei anna verd.

Vil lage minnesti

Tysvær kommune har planar om å lage ein minnesti for målaren Lars Hertervig på øya Borgøy. Hertervig var fødd på Borgøy i 1830 og levde der i sju år før han flytta til Stavanger. Mange av måleria hans er frå Tysvær, Sunnhordland og Ryfylke. Arkitektfirmaet LEADinc har utarbeidd ein prosjektplan på vegner av Tysvær kommune, og planen inneber mellom anna ny kai, tursti, uteamfi og himmelhage. Turstien vil gå frå kaien og opp til tuftene på Herterviggarden. Prosjektet har ei førebels kostnadsramme på 11,6 millionar kroner. Førebels er det usikkert om kommunen finn pengar til å realisere heile prosjektet, som inneber opparbeiding av ein sti og eit gjestetoalett.

«Fra Borgøya». Olje på lerret. Lars Hertervig, 1867



Terje Lyngstad
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

TEATER

Kanskje ikkje sikkert

Kommunikasjon er ufordrande. Vi seier noko, men meiner noko anna, og det heilt utan å vere ironiske. Politikarar er flinke til slikt. Berre tenk på Bill Clinton, som sa han aldri hadde hatt sex med den kvinna. Eg mistenker Linda Helleland frå Høgre for å vere flink til det same, altså til å seie ting ho ikkje meiner. For nokre veker sidan uttalte ho at Høgres barnehageutval ville etablere eit barometer på nettet for å skape konkurranse mellom barnehagane, slik at foreldra kunne få velje den barnehagen som hadde god kvalitet, og slik at dei barnehagane med dårlegast kvalitet kunne legast ned.

Ved første augekast kan det sjå ut som Helleland meiner det ho seier, men du må ikkje la deg lure så lett. Ord er stort sett til forvirring. Babel i Bibelen er eit bra bilete på det. Gud meinte at menneska byrja å forstå for mykje. Vi hadde allereie ete eple og tileigna oss kunnskap som førte oss langt ut i synda. Då menneska laga tårnet i Babel for å nå til himmels, svara Gud med å konstruere vundeleg mange tungemål, slik at vi for all tid skulle misforstå kvarandre. Det hadde truleg ikkje vore naudsynt, for vi har like vanskeleg for å forstå kvarandre om vi snakkar norsk alle som ein. Når nokon seier «det er sikkert rett», byrjar eg å tvile på om det er rett. Det tyder sjølvsgt at det heilt sikkert finst mange andre løysingar som er mykje betre. Når eg høyrer at «du bør kanskje gjere det slik», forstår eg raskt at det er den beste måte å gjere det på. Kanskje er eit tvilande ord, men her finst det ingen tvil. Om rett skal vere rett, og det skal det jo vere, burde vi gjere eit ordbyte: «det er kanskje rett» og «du bør sikkert gjere det slik». Problemet er at vi ikkje vil forstå kva som er meint, fordi vi er så vande med det motsette. Om nokon prøver seg med å ta vekk «kanskje» og «sikkert» og seier «det er rett» og «du bør gjere det slik», vil dei framstå som sjølvgode idiotar, og det er verre enn nokon ting.

Frå militærtida kan eg godt hugse eit skilt på veggen over pissaoaret: «Spytt ikke snus og slipp ikke sneiper i renna». Ikkje røykte eg, og ikkje brukte eg snus, så eg visste ikkje kva eg skulle gjere. Det var først etter at eg fekk born, at eg forstod kvifor vi treng slike skilt. Verda er full av freistingar som vi vaksne må lære dei å halde seg langt unna. Sidan det er vanskeleg å ikkje kaste seg ut i syndige og farefulle gjerningar, treng vi åtvaringar og forbod. Vi må starte tidleg, slik at ungene forstår korleis dei ikkje skal bere seg åt. Dei må lære av Margrethe Munthe at dei ikkje kan gå inn i stova med hua på. Fleire vers burde vore skrivne om kor saftglaset ikkje skal stå, kva dei ikkje skal seie i selskap, og kor tid dei ikkje skal legge seg om kvelden. Forfallet blant born og unge har kome snikande i takt med at forbodsskiltta er fjerna. Eg tenker med sagn på skilta i og utanpå skulebussen frå ungdomstida mi. Dei var vakkert innramma med kvit skrift på raud botn. Framme hos sjåføren stod det «Uroa ikkje føraren» og «Ikkje sitt på motorakassen». Når vi steig ut av bussen, lyste det mot oss: «Gå ikkje over vegen før bussen har køyrt». Enkelte vil hevde at vi ikkje bør bruke ordet ikkje, slik at born får vite kva dei skal gjere i staden for kva dei ikkje skal gjere, men det er kanskje ikkje sikkert at nokon vil forstå skilt som «Her skal du berre pisse», «La føraren få fred», «Sitt i stolane» eller «Gå over vegen etter at bussen har køyrt».

Eg vel difor å leve i den tru at Høgres barnehageutval sikkert meiner at vi ikkje skal ha eit barnehagebarometer. Kanskje.



GLAD: Sjef ved Ålesund bibliotek, Mariann Schjeide, er godt nøgd med støtte frå Fritt Ord. (Foto: Roger Engvik/Sunnmørsposten)

Nynorsk = Bynorsk

I Ålesund har dei tru på at formidling av moderne nynorsk litteratur kan få fleire elevar i den vidaregåande skulen til å halde på nynorsken.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Stiftinga Fritt Ord har denne sommaren støtta litteraturprosjekt i norske bibliotek som har som mål å stimulere til auka formidling av nynorsk litteratur. Eit av prosjekta som fekk støtte, var

Nynorsk=Bynorsk, som Ålesund bibliotek har teke initiativ til.

– Målgruppa for prosjektet er elevar i den vidaregåande skulen. Målet er at elevane skal forstå at nynorsk faktisk er eit godt bruksspråk og ikkje berre språket for naturkildringar og lyriske vendingar, seier biblioteksjef Mariann Schjeide.

– Eg ønskjer at dei skal få same opplevinga av nynorsk som eg fekk då eg kom til Volda som student og kunne lese «kveldsøpe» og «laurdagsøpe» i butikkvindauga. Det var heilt naturleg, det var ein del av dagleglivet og ikkje berre eit språk for «fjordane som blånar».

Schjeide meiner den moderne nynorske litteraturen må på banen dersom

trenden med å skifte frå nynorsk til bokmål på vidaregåande skule ikkje skal halde fram.

– Me må invitere nynorskforfattarar som har teke medvitne val i høve målform, sjølv om dei kanskje kunne nå eit endå større publikum ved å skrive på bokmål, seier biblioteksjefen og ramsar opp namn som Frode Grytten, Marit Eikemo, Olaug Nilsen, Terje Torkildsen og Maria Parr blant dei som biblioteket ynskjer å ha med i prosjektet.

VIL MØTE MOTSTANDEN

I følgje Schjeide botnar prosjektet i at Ålesund er bokmålsøya i nynorskhavet, som ho kallar det.

– Eg er sjølv konvertitt, oppvaksen med bokmål som hovudmål, men eg gjekk over til å skrive nynorsk etter studium i Volda. Eg bur no i nabokommunen til Ålesund, Skodje, der borna mine har nynorsk som hovudmål. Men då dotter mi skulle ta til på vidaregåande, såg eg at nesten alle vennene hennar hoppa av nynorsken og gjekk over til bokmål, for då kunne dei velje. Denne problemstillinga vart bakgrunnen og starten for prosjektet Nynorsk=Bynorsk.

– 20 prosent av dei registrerte lånarane våre kjem frå nabokommunane, og desse har nynorsk som hovudmål. Dei som tek til på vidaregåande skule, opplever ofte at dei må grunngje og forklare kvifor dei skriv nynorsk. Samstundes går det nok også føre seg ein del spekulering fordi krava til god karakter i nynorsk som sidemål er lågare.

I Ålesund kommune, som er språknoytral når det kjem til administrasjonsspråk, er det i følgje biblioteksjefen etter måten stor motstand mot nynorsk.

– Difor ynskjer me også å møte desse ihuga bokmålsbrukarane som har sterk motstand mot nynorsk, gjennom prosjektet.

Prosjektet skal halde fram gjennom heile språkåret 2013, med hovudvekt om hausten.

MODERNE SPRÅK

Institusjonen Fritt Ord fekk inn totalt 93 søknadar om prosjektstøtte til formidling av nynorsk litteratur, 44 av desse fekk støtte. I Ålesund er dei godt nøgde med tilskotet på 50 000 kroner frå Fritt Ord. Midlane vil bli brukte til å dekke reise og opphald for forfattarane.

– Det er også eit poeng for oss at forfattarmøta skal skje her i biblioteket og ikkje på skulane. Dei skal kome til oss for å få møte forfattarane i eit bok- og bibliotekmiljø.

– Eg håpar den nynorske litteraturen vil framstå som spenstig og moderne, og eg håpar også at fleire elevar vil kjenne seg heime i nynorsken. Kanskje nokre få kan «vinnast for saka», men eg håpar kanskje endå meir at elevane som tek til på vidaregåande, skal finne styrke til å halde på nynorsken som hovudmål. For mange ungdommar i dag artar det å droppe nynorsken seg som det enklaste.

100 000 til Falturiltu



FJØR I HATTEN: Festivalleiar, Roald Kaldestad, meiner sponsorstøtta kan bidra til å gjera barnelitteraturfestivalen Falturiltu på Stord meir synleg. Her frå opninga av fjorårets festival. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

Den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu får 100 000 kroner frå Sparebanken Vest.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Festivalleiar Roald Kaldestad meiner sponsorstøtta inneber at ein kan få gjennomført den festivalen ein drøymmer om, også i 2012.

– Det er ei fjør i hatten for festivalen, seier han og legg vekt på at barnebokfestivalen har eit behov for å bli meir synleg.

LØFTAR BARNELITTERATUREN

– Bakgrunnen for festivalen er å løfte fram den nynorske barnelitteraturen, seier han og viser til at den nynorske barnelitteraturen har fostra mange store forfattarar som Einar Økland, Hans Sande og Rune Belsvik, og at tilveksten er god, med forfattarar som Maria Parr og Terje Torkildsen.

Ragnar Hovland blir festivalforfattar dette året. Under festivalen er det opne arrangement for born og vaksne, forfattarbesøk i skulen, barnelitteraturseminar, skrivkurs, konsertar, framsyningar og utstillingar.

Siren Sundland i Sparebanken Vest er imponert over programmet under festivalen og meiner Falturiltu er ein viktig arena for nynorsk barnelitteratur, men også for bygging av vestnorsk identitet og som aktør i samfunnsutviklinga.

– Me håpar pengane våre kan bidra til at ein kan gjennomføre den festivalen ein har planlagt. I tillegg håpar me å bidra med eit nettverk festivalen kan dra nytte av, seier Sundland og utdjuvar dette med at Sparebanken Vest blant anna er involvert i Litteraturhuset i Bergen og i litteratursymposiet i Odda.

HOVLAND FESTIVALFORFATTAR

Trioen Maria Parr, Odd Nordstoga og Ragnar Hovland opnar Falturiltu-festivalen dette året. Ragnar Hovland debuterte i 1979, og allereie året etter kom den første barneboka hans, *Det får stå til*, som gav han Kultur- og vitkapsdepartementet sin debutantpris. Seinare har han gjeve ut over 40 bøker frå eiga hand. Hovland vart ein nyskpar i barnelitteraturen på åttiatalet og har seinare inspirert unge forfattarar og musistarar. No blir han festivalforfattar.

Odd Nordstoga hadde gjeve ut ei rekke plater av strålende kvalitet då han i 2004 slo gjennom for fullt med plata *Luring* og superhiten *Kveldssong for deg og meg*, der Ragnar Hovland har skrivne teksten. Maria Parr debuterte med eit stillferdig brak i 2005 med den kritikarrossa barneboka *Vaffelhjarte*. Gjennombrøtet kom i 2009 med *Tonje Glimmerdal*, som gav henne både Kritikarprisen, Teskjekjerringprisen og Brageprisen.

I tillegg kjem blant andre forfattarane Tor Arve Røssland og Bente Bratlund og professor Dagrun Skjelbred til Falturiltu-seminaret.

Hjartesmilbloggar gir ut bok

Hjartesmil-bloggar Mariell Øyre vil gjerne leve kunstnarlivet til fulle. No skriv ho og Jostein Avdem Fretland, som ho er trulova med, bok saman.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Å skrive bok saman med Jostein er som ein draum, og det går veldig glatt. Me er vane med å jobbe i lag og synest eigentleg berre det er kjekt. Me er kvalmande konstruktive og skuffande lite dramatiske når me skriv saman, seier Mariell om bokprosjektet.

BLOGG SOM CV

Boka dei skriv på, skal etter planen kome ut hausten 2013. Eg kan seie så mykje som at ho handlar om ein nordmann i London, varmluftsballongar, hemmelege rom og kompliserte familiar. Og sjølv sagt om ein heil masse kjærleik.

Mariell Øyre er frå Årdal og mest kjend for bloggen *Hjartesmil*, der ho skriv om kvardagslege hendingar, kunst, foto, kjærleiken og resten av livet. Og alt blir skrivne med små bokstavar, på nynorsk. For det fekk ho mellom anna i 2011 stipend frå Noregs Mållag. Tidlegare har ho også gitt ut magasin.

– Eg vil framleis blogge, kan ikkje tenkje meg å ikkje gjere det. Det er gjennom bloggen eg har fått alle sjansar og har fått, han er betre enn ein CV kva dag som helst.

KUNSTNARLIVET

I dag bur ho og kjærasten i London, ein by der opplevingane står i kø. Ikkje minst for Mariell, som drøymmer om å realisere fleire bok- og magasinprosjekt, i tillegg til å utdanne seg som fotograf.



GIR UT BOK: Hjartesmil-bloggar Mariell Øyre gir no ut bok saman med forloveden Jostein Avdem Fretland. (Foto: privat)

– Ingen dag er lik den før, eg jobbar med dei kreative prosjekta mine om kvarandre og har lite til ingen struktur på kvardagen i grunnen. Ein dag skriv eg heile dagen, ein annan jobbar eg med bilete. I dag har eg berre vore på museum, der eg åt ein blåbærmuffin og smilte til eldre damer med stokk som tok av seg brillene for å sjå på Diane Arbus-fotografia. I morgon anar eg ikkje kva eg driv med. Akkurat no likar eg det best slik, så kan eg i alle fall fortelje borna mine at eg levde kunstnarlivet til det fulle før eg vart vaksen og ordentleg.

KVA SKJER FRAMOVER?

Om ikkje så lenge leverer Jostein mastergraden sin, og då skal me ha kveitebrødsdag i London og late som om me er på ferie, og ete middag til frukost og frukost til middag. Så er det meir jobbing som vanleg, mykje tekst og bilete. Og eit hemmeleg prosjekt eg jobbar med, som eg håpar blir ferdig i haust.

BIBLIOTEKPROSJEKT

Fritt Ord har denne sommaren støtta bibliotekprosjekt fordi dei vil stimulere til formidling av nynorsk skjønn- og faglitteratur, vekke interesse for lesing og fremje lokalt ordsifte. Prosjekta skal gjennomførast hausten 2012 eller i 2013. Stiftinga mottok 93 søknadar, 44 av desse prosjekta fekk støtte.

Hulda Garborg er tema for fem prosjekt ved Ryfylkebiblioteket Forsand, Skien bibliotek, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og Bergen Offentlige Bibliotek.

Nynorske twitter-noveller

Eit prosjekt med twitter-noveller på maksimalt 140 teikn er lagt til tre Deichman-filialar. Nynorsk- og bibliotekbrukarar blir inviterte til å vitre nynorske noveller. Kjende forfattarar blir også bedne om å ta del.

Andre prosjekt som fekk støtte:

Hulda Garborg-prosjekt

FALTURILTU

Verdas einaste nynorske barnebokfestival vert arrangert i veke 45 kvart år.

Her er det opne førestillingar for born og vaksne, forfattarbesøk i skulen, barnelitteraturseminar, skrivkurs, konsertar, førestillingar og utstillingar.

Festivalforfattar i 2012 er Ragnar Hovland.

falturiltu.no

aktuelt: Katrine Sele



(Foto: Bent Are Iversen)

Namn: Katrine Sele**Alder:** 39**BUR:** Vassenden, Jølster. Jobbar som journalist i lokalavisa Firda.**Aktuell:** Fekk Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar 2012. Prisen deler ho med kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik i Bergens Tidende.

– Eg trur det er bra å sjå seg ut leiestjerner, tenkje på synlege skribentar som bruker nynorsken på glimrande måtar, seier Katrine Sele

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

– Korleis var det å få nynorskpris?

Det var stort, som nynorskskrivande journalist kjenner eg meg som del av ein veldig sterk skriftkultur, med mange dyktige skribentar. Difor var dette ei stor ære og inspirasjon for meg.

– Kva betyr nynorsken for deg?

Språklege leiestjerner

Mi historie med nynorsken er litt spesiell. Eg har dansk mor og ein far som er riksmålsmann av det konservative slaget – heime hos oss heitte det ikkje snø, men sne. I spekteret av det som er norsk språk, er eg vel fødd så langt bort frå nynorsken som det er råd å komme. Store delar av oppveksten min budde vi utanlands, mellom anna i Zimbabwe og Singapore.

I årevis snakka eg dansk heime og engelsk ute blant folk, så eg har gått glipp av alt som heiter sidemålsundervisning. Som barn hadde eg inntrykk av at nynorsk var noko som vart brukt utelukkande i litteraturen og på Dagsrevyen. Denne ideen om nynorsk forandra seg drastisk etter eg flytta til Sogn og Fjordane.

– Korleis var det å bli nynorskjournalist?

Den første tida mi som nynorskjournalist var vanskeleg. Eg gjorde mange pinlege feil, og ein heil del av desse feila hamna på trykk i avisa. Enkelte lesarar sende meg artiklane mine i retur, fulle av raude merke. Men i Sogn og Fjordane gjekk det aller meste rundt meg føre seg på nynorsk. Kommunale saksopplag, rutetabellar, politiloggar, radiobulletengar: Språket møtte meg i alle samanhengar og viste seg å kunne brukast til alt mogleg.

Eg har eit konkret minne frå det å sitje og skrive politinotisar etter lensmannsrunden. Eg hugsar eg oppdaga at for politiet i Sogn og Fjordane heitte det ikkje å «beslaglegge» noko, men å «kverrsetje» det. Eg tykte det var eit heilt fantastisk ord. Slike små oppdagingar gjorde eg heile tida, og det begeistra meg.

På eit tidspunkt merka eg at språket hadde flytta inn i meg. Nynorsken var ein del av meg, på lik linje med bokmål, dansk og engelsk. Eg kan sjå no at det er eit språk som har gitt meg utruleg mykje. Som brukar av både bokmål og nynorsk kjenner eg meg sterkare forankra i norsk historie og kultur. Eg har eit langt større spekter når det gjeld å uttrykkje meg skriftleg på norsk

– Kva vil bende med nynorsken framover, trur du?

Eg bur på ein plass der nynorsken er utruleg sterkt forankra i dei fleste delane av samfunnet. Til og med næringslivet her, den mest konservative delen av samfunnet, byrjar å satse på nynorsk. Her står språket så sterkt at eg er heilt sikker på at det vil overleve. Men det eg fryktar, er at nynorsk kjem til å bli meir og meir eit regionalt språk – noko som vert brukt berre i enkelte delar av landet, medan det blir marginalisert i byane og elles i landet.

– Kva må til for at fleire skal våge skrive nynorsk?

At vi får sjå nynorsk brukt i alle moglege samanhengar, slik eg opplevde då eg flytta til Sogn og Fjordane. Eg er spesielt oppteken av at nynorsk må få sleppe til i riksavisene, på lik linje med bokmål. Eg synest det er utruleg synd at nynorskskrivande blir diskriminerte i media – og endå meir synd synest eg på lesarane av riksavisene, som ikkje får tilgang til den språklege rikdommen som nynorsken representerer. Eg unner alle å få ta del i den!

Enkelte synlege nynorskbrukarar har også mykje å seie. Are Kalvø sine kommentarar i Aftenposten er suverene! Så lurar eg litt på korleis nynorsk som sidemål vert undervist i skulane. Eg får kjensla av at det mange plassar vert gjort på gammalmodige og lite begeistra måtar. Vesaas og Garborg er veldig bra, men eg trur ungdommar treng å sjå at nynorsk er ein del av samtidskulturen. Eg ville langt heller brukt Carl Frode Tiller og Olaug Nilssen, til dømes

– Kva er ditt beste råd til unge journalistar som ynskjer å halde på nynorsken?

Eg trur det er bra å sjå seg ut leiestjerner – tenkje på synlege skribentar som bruker nynorsken på glimrande måtar, til dømes



Anne Viken er veterinær, statsvitar, bloggar og skribent. *Elise og mysteriet med dei døde hestane* er debutboka hennar.

Foto: Tove K. Breistein

debutanten

Ein annan gong var det ein kar som ringde om ein hest som ikkje kunne rygge.

Kva skal eg gjere med det då? Sa Kalle og rista på hovudet.

Skrv på reversen?

Elise synest dyreeigarar har mange underlege bekymringar.

Samlaget 2012

Frode Grytten, Are Kalvø og Hilde Sandvik, for å nemne dei første eg kjem på.

For meg sjølv er det viktig å ha nokon å sjå til, nokon som kan vise meg veg – og så må ein sjølvsagt finne sin eigen. Korleis ein skal ta kampen i medium som ikkje slepp til nynorsk, er eg usikker på. Eg er veldig uerfaren med slikt, sidan eg bur ein plass der nynorsken vert sett på som ei sjølvfølge.

– Kva reaksjonar får du som nynorskskrivande journalist?

Berre gode. Eg trur sidan eg har kome utanfrå – frå bokmål til nynorsk –, får eg ekstra mykje positiv tilbakemelding.

– Me bar snakka om språkleg jamstilling i riksavisene i mange år, er kampen tapt?

Det var veldig skuffande at regjeringa ikkje gjekk inn for å knyte momsritak til språkleg jamstilling i riksavisene, då fleirtalet i Språkrådet gjekk inn for det. Der hadde politkarane ein sjanse til å verkeleg styrke nynorsken, men den tok dei ikkje. Eg trur likevel ikkje kampen er tapt. Eg trur alle som brenn for nynorsken, berre må halde fram med å insistere. Vere gode døme – skrive nynorsk så godt som vi berre kan, og i så mange samanhengar som vi kan.